


FORSVARETS FORSKNINGSPOLITISKE INSTITUTT (FFI)
Norwegian Defence Research Establishment

UNCLASSIFIED

P O BOX 25
NO-2027 KJELLER, NORWAY
REPORT DOCUMENTATION PAGE

SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE
(when data entered)

1) PUBL/REPORT NUMBER FFI/RAPPORT-2000/01718 1a) PROJECT REFERENCE FFISYS/776/161.1	2) SECURITY CLASSIFICATION UNCLASSIFIED 2a) DECLASSIFICATION/DOWNGRADING SCHEDULE -	3) NUMBER OF PAGES												
4) TITLE ASYMMETRI .. ASYMMETRISK KRIGFØRING .. ASYMMETRISKE TRUGSMÅL - Bruken av asymmetri- omgrepet i tryggingspolitisk og militærtoreetisk litteratur ASYMMETRY .. ASYMMETRIC WARFARE .. ASYMMETRIC THREATS - The Usage of the Asymmetry Concept in Security Policy and Military Theory Literature														
5) NAMES OF AUTHOR(S) IN FULL (surname first) LIA Brynjar, ANDRÉSEN Rolf-Inge Vogt														
6) DISTRIBUTION STATEMENT Approved for public release. Distribution unlimited. (Offentlig tilgjengelig)														
7) INDEXING TERMS <table border="0" style="width: 100%;"> <tr> <td style="width: 50%;">IN ENGLISH:</td> <td style="width: 50%;">IN NORWEGIAN:</td> </tr> <tr> <td>a) <u>Asymmetric Threats</u></td> <td>a) <u>Asymmetriske trugsmål</u></td> </tr> <tr> <td>b) <u>Asymmetric Warfare</u></td> <td>b) <u>Asymmetrisk krigføring</u></td> </tr> <tr> <td>c) <u>Terrorism</u></td> <td>c) <u>Terrorisme</u></td> </tr> <tr> <td>d) <u>Unconventional Warfare</u></td> <td>d) <u>Ukonvensjonell krigføring</u></td> </tr> <tr> <td>e) <u>Weapons of Mass Destruction</u></td> <td>e) <u>Masseødeleggingsvåpen</u></td> </tr> </table>			IN ENGLISH:	IN NORWEGIAN:	a) <u>Asymmetric Threats</u>	a) <u>Asymmetriske trugsmål</u>	b) <u>Asymmetric Warfare</u>	b) <u>Asymmetrisk krigføring</u>	c) <u>Terrorism</u>	c) <u>Terrorisme</u>	d) <u>Unconventional Warfare</u>	d) <u>Ukonvensjonell krigføring</u>	e) <u>Weapons of Mass Destruction</u>	e) <u>Masseødeleggingsvåpen</u>
IN ENGLISH:	IN NORWEGIAN:													
a) <u>Asymmetric Threats</u>	a) <u>Asymmetriske trugsmål</u>													
b) <u>Asymmetric Warfare</u>	b) <u>Asymmetrisk krigføring</u>													
c) <u>Terrorism</u>	c) <u>Terrorisme</u>													
d) <u>Unconventional Warfare</u>	d) <u>Ukonvensjonell krigføring</u>													
e) <u>Weapons of Mass Destruction</u>	e) <u>Masseødeleggingsvåpen</u>													
THESAURUS REFERENCE: 8) ABSTRACT <p>'Asymmetry', 'asymmetric threats' and 'asymmetric warfare' have become focuses of attention in security assessments among Western analysts and politicians. Though widely used, the concept of asymmetry does not have a clear and undisputed definition. 'Asymmetry' is given different interpretations in different contexts by different participants in security policy debates. In most cases, however, the concept does seem to have some main components. Attacks on infrastructure, information warfare and terrorism that may involve the use of weapons of mass destruction are recurrent themes in most interpretations. This report gives an overview of how 'asymmetry', 'asymmetric threats' and 'asymmetric warfare' are interpreted and used in research and policy documents in Norway and the USA. A look at recent official Norwegian security policy and military theory documents reveal a somewhat bewildering and contradictory usage of the asymmetry concept.</p> <p>In its conclusion, the report argues that as a security policy concept, 'asymmetry' is a far more useful perspective for analysing emerging threats to a superpower than to a small non-hegemonic power. Norwegian policy-makers and military theoreticians are ill-advised to adopt the current asymmetry concept in their thinking without some serious and genuine rethinking of it. Existing literature suggests that this is not being done at the present.</p>														
9) DATE 12 desember 2000 12 desember 2000 12 desember 2000	AUTHORIZED BY This page only  Jan Erik Torp	POSITION Director of Research												

UNCLASSIFIED

ISBN 82-464-0474-1

SECURITY CLASSIFICATION OF THIS PAGE
(when data entered)

INNHALD

	Side	
1	INTRODUKSJON	7
1.1	Ei første orientering i omgrepsjungelen	8
1.1.1	'Asymmetri': døme på definisjonar av beslekta omgrep.	8
1.2	Kvifor er asymmetri og asymmetriske trugsmål kome på dagsordenen?	9
1.2.1	Unipolaritet og nye trugsmål	9
1.2.2	Internasjonale militære fredsoperasjonar og tvangsoperasjonar	9
1.2.3	Spreiing av ABC-våpen og ABC-teknologi	10
1.2.4	'Den nye terrorismen'	12
1.2.5	Kritisk infrastruktur og sårbare informasjonssystem	13
2	ASYMMETRI-OMGREPET I SENTRALE NORSKE FORSVARS- OG TRYGGINGSPOLITISKE GRUNNLAGSDOKUMENT	14
2.1	Omtale av 'asymmetriske trugsmål' i Langtidsmeldinga for Forsvaret 1999-2002	15
2.2	Omtale av asymmetriske trugsmål i Stortingsmelding Nr 38	17
2.3	Forsvarets fellesoperative doktrine	18
2.4	To nordiske bidrag om asymmetri	21
3	ASYMMETRI-OMGREPET I AMERIKANSK TRYGGINGSPOLITISK OG MILITÆRTEORETISK LITTERATUR	23
3.1	'Asymmetric threats' i amerikanske forsvarspolitiske dokument	24
3.2	RAND Corporation om asymmetriske strategiar	25
3.3	Andre tryggingspolitiske og militærteoretiske bidrag	27
3.3.1	Ny teknologi, nye asymmetriske trugsmål?	28
3.3.2	Det asymmetriske våpenarsenalet	30
3.3.3	Terrorisme og asymmetrisk krigføring	33
3.3.4	Kultur og stridsmoral som dimensjonar i asymmetri-omgrepet	34
3.3.5	Den dialektiske dimensjonen ved asymmetri-omgrepet	35
3.3.6	Vestleg frykt for tap, 'mammaismen' eller eksistensiell versus avgrensa krig?	36
3.3.7	Asymmetriske trugsmål — ei omskriving av 'det islamske trugsmålet', 'barbarane'?	37
3.3.8	Stormen omkring Kinas 'Uavgrensa Krig'	38
3.4	Kritikk av asymmetri-omgrepet: konstruksjon av trusselbilete	39
3.5	Asymmetriske krigar: Åtak på militært sett sterkare statar?	41
4	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON	41
5	LITTERATURLISTE	43
	Fordelingsliste	49

ASYMMETRI .. ASYMMETRISK KRIGFØRING .. ASYMMETRISKE TRUGSMÅL - Bruken av asymmetri-omgrepet i tryggingpolitisk og militærteoretisk litteratur

1 INTRODUKSJON

På bakgrunn av den aukande interessa i det tryggingpolitiske miljøet for såkalla “asymmetriske trugsmål” og “asymmetrisk krigføring” vart det ved FFISYS utarbeidd eit arbeidsnotat som oppsummerte den eksisterande litteraturen om temaet og vurderte relevansen av asymmetri-konseptet i norsk samanheng.¹ Moment frå dette arbeidet vart presentert i eit foredrag på *Militærteknisk studiegruppe* ved Forsvarets forskningsinstitutt 24 februar 2000 med tittelen “Asymmetriske trugsmål — eit nytt trugsmål eller eit upresist samleomgrep for velkjende tryggingutfordringar?”. Arbeidsnotatet har vore utgangspunktet for denne rapporten, som er ein del av forskingsprosjektet “Terrorisme og asymmetrisk krigføring — nye dimensjonar ved trusselbiletet etter Den kalde krigen”.²

Omgrepa ‘asymmetriske trugsmål’ og ‘asymmetrisk krigføring’ er blitt tekne i bruk innanfor Forsvaret og det tryggingpolitiske miljøet i stadig større grad dei seinare åra. Asymmetriske trugsmål er omtala både i Forsvarets langtidsmelding, Stortingsmelding nr 38 og Forsvarets fellesoperative doktrine. Innanfor amerikansk tryggingpolitisk tenking står temaet sentralt. I den eksisterande litteraturen om temaet er det likevel stor usemje om kva omgrepet eigentleg inneber, og i kva grad asymmetriske trugsmål representerer eit vesentleg skifte i militærteoretisk tenking etter Den kalde krigen.

Denne rapporten tek sikte på å kartlegge bruken av omgrepa asymmetri, asymmetriske trugsmål og asymmetrisk krigføring, diskutere bakgrunnen for at dei er komne på dagsordenen og vurdere relevansen av dei for Norge og Forsvaret.

¹ Forfattarane vil takke Iver Johansen og Anders Kjølberg, begge forskarar ved FFI, for konstruktive innspel og kritikk på tidlegare utkast av denne studien. Vi er også takksame for språkleg rettleiing frå tidlegare rektor og skulesjef Olav Lia.

² Andre publikasjonar på prosjektet inkluderer:

B Lia & A S Hansen, *An Analytical Framework for the Study of Terrorism and Asymmetric Warfare*, FFI-REPORT 99/04218; B Lia, *Er sivil infrastruktur sannsynlege mål for terrorgrupper i fredstid? Terrorisme som tryggingpolitisk utfordring i Norge*, FFI-RAPPORT 2000/01703; B Lia & A S Hansen, *Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions*, FFI-REPORT 2000/01704; B Lia & K H-W Skjølberg, *Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism*, FFI-RAPPORT-2000/02769; B Lia, “Mot farlegare former for terrorisme,” *Internasjonal politikk* 58 (3) september 2000; K H-W Skjølberg, “Etnisk mangfold, legitimitet og konflikt. Mønstre i vesteuropeisk separatisme 1950-95,” *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift* august 2000.

Pågåande og plandlagde rapportar på TERRA-prosjektet omfattar følgjande titlar:

Terrorism and the Use of Force in Peacekeeping - Does More ‘Muscular’ Peacekeeping Entail More International Terrorism?; Russian Organised Crime and Its Domestic and International Implications, FFI-RAPPORT; *Is Radical Islam Becoming More Transnational? Interaction Between Radical Islamism in the Middle East and Muslim Diaspora Communities in Europe; When Insurgents Do The Policing: Understanding Internecine Terrorism in War-To-Peace Transitions; Why Should We Blow Up Your Oil Installations? An Historical-Statistical Analysis of the Propensity of Terrorist and Insurgent Groups to Attack Petroleum Production Facilities; Masseøyleggingssvåpen og terrorisme: Oversyn over internasjonal forskning, implikasjonar for Norge; Cyberterrorism ... cybotage ... cyberkrig — i kva grad er datanettverk og informasjonsteknologi sannsynlege verkemiddel, arenaer og mål for terrorgrupper?*

1.1 Ei første orientering i omgrepsjungelen

‘Asymmetri’ er ikkje eit heilt nytt omgrep i militærteoretisk og tryggingpolitisk litteratur.³ Men bruken av omgrepet har auka mykje etter at Den kalde krigen tok slutt. Eit viktig aspekt ved den nyare bruken av asymmetri-omgrepet er at det har spreidd seg utanfor dei fagmilitære sine rekkjer og vunne innpass i den tryggingpolitiske debatten.

‘Asymmetri’ refererer i utgangspunktet til ulike føresetnader for og måtar å føre krig eller væpna konflikt på. Partane i ein væpna konflikt vel sine kampmiddel i lys av ei rekkje taktiske og strategiske vurderingar. Ulike kost/nytte-kalkylar ligg ofte til grunn, til dømes vurderingar av eigne og motparten sine sterke og svake sider vil vere sentralt. Asymmetri-omgrepet er særleg mynta på å skildre situasjonar der partane er svært ulike med omsyn til organisasjon, ressursar, rettsleg status, samt sjølvpålagde restriksjonar for krigføringa. I det tjuande hundreåret har denne typen væpna konflikter vore langt vanlegare enn symmetriske duell-liknande krigar mellom to nokonlunde like arméar. Geriljakrig, frigjeringskrig, terrorisme og opprør er alle omgrep som hovudsakleg avspeglar væpna konflikt mellom statar og ikkje-statlege organisasjonar. Likevel tyder populariteten til asymmetri-omgrepet det siste tiåret på at det finst ei utbreidd førestelling om eit kvalitativt skifte mot andre typar væpna konflikter og måtar å føre krig på.

Det er nokre bestemte former for trugsmål og krigføring som går igjen i utlegningane om asymmetri. Blant dei mest vanlege er åtak på infrastruktur, informasjonskrigføring, psykologisk krigføring, geriljakrigføring, terrorisme og ikkje minst terroråtak med bruk av masseødeleggingsvåpen (MØV). ‘Asymmetrisk krigføring’ omfattar altså fleire omgrep som kvar for seg ikkje er lette å gi klare definisjonar av. Vektlegginga av effekten av ny informasjonsteknologi er eit aspekt ved asymmetribegrepet; eit anna er førestellinga om eit aukande gap mellom partane i ein konflikt når det gjeld sjølvpålagde restriksjonar for krigføringa. Fokuset på MØV-terrorisme målber ei frykt for at sub-statlege organisasjonar har lågare politiske og teknologiske barrierar mot å valde massive sivile tap.

1.1.1 ‘Asymmetri’: døme på definisjonar av beslekta omgrep.

I Det amerikanske forsvarsdepartementet sin *Dictionary of Military Terms*⁴ finn ein følgjande definisjonar på nokre omgrep som assosierast med ‘asymmetrisk krigføring’:

information operation – actions taken to affect adversary information and information systems while defending one’s own information and information systems.

information warfare – information operations conducted during time of crisis or conflict to achieve or promote specific objectives over a specific adversary or adversaries.

psychological warfare – the planned use of propaganda and other psychological actions having the primary purpose of influencing the opinions, emotions, attitudes, and behaviour of hostile foreign groups in such a way as to support the achievement of national objectives.

³ Sjå til dømes Andrew J. Mack, “Why Big Nations Lose Small Wars: The Politics of Asymmetric Conflict,” *World Politics* 27 (January 1975), pp.175-200.

⁴ Finst på Internett – <http://www.dtic.mil/doctrine/jel/doddict/>.

terrorism – the calculated use of unlawful violence or threat of unlawful violence to inculcate fear; intended to coerce or to intimidate governments or societies in the pursuit of goals that are generally political, religious, or ideological.

guerilla warfare – military and paramilitary operations conducted in enemy-held or hostile territory by irregular, predominantly indigenous forces.

1.2 Kvifor er asymmetri og asymmetriske trugsmål kome på dagsordenen?

Ei rekkje nye moment i internasjonal politikk og teknologiutvikling kan synast å ha auka potensialet for og slagkrafta til asymmetriske verkemiddel. Nedanfor diskuterer vi fem ulike faktorar som synest å liggje bak mykje av den nye tenkinga om asymmetri.

1.2.1 Unipolaritet og nye trugsmål

Framvekst av asymmetriske trugsmål synest å liggje i den logiske forlenginga av ein unipolær verdsorden som blant anna manifesterer seg gjennom eit vestleg militært hegemoni og aukande vilje til bruk av militærmakt i internasjonale operasjonar med multinasjonal deltaking. Det er difor nærliggjande å slutte at nærværet av vestleg militær overmakt i framtidige konflikter vil fremje bruken av ukonvensjonelle verkemiddel for å skape ein situasjon der konvensjonell militær kapasitet ikkje lenger er ein avgjerande faktor for utfallet av konflikten.

Under Den kalde krigen var ein mogleg storkonflikt mellom USA og NATO på den eine sida og Sovjetunionen og Warszawa-pakten på den andre fullstendig dominerande i trusselbiletet. Då den statiske konfrontasjonen mellom dei to blokkane var over, vart merksemda i større grad retta mot det som tidlegare hadde vore oppfatta som reint sekundære og underordna utfordringar.⁵ ‘Asymmetriske trugsmål’ har difor i nokon grad blitt ei slags fellesnemning for utfordringar som berre delvis er nye, men som fyrst no kom i fokus.

1.2.2 Internasjonale militære fredsoperasjonar og tvangsoperasjonar

Det synest klart at verdssamfunnet i større grad enn før er villig til å gripe inn med militærmakt i intra-statlege konflikter.⁶ I internasjonale tvangsoperasjonar har USA så langt vore den leiande makta. Auken i internasjonale fredsoperasjonar i løpet av det siste tiåret har vore dramatisk. Både USA og dei fleste europeiske statane har i lengre tid i varierende grad restrukturert forsvaret sitt mot denne typen operasjonar. Statar og substatlege organisasjonar som av ulike grunnar ynskjer å motsetje seg ein internasjonal militær tvangsoperasjon, vil naturleg nok framstå som underlegne ut frå ei reint militær styrkevurdering. Det verkar då nærliggjande å tru

⁵ Det har vore eit gradvis skifte mot intrastatlege konflikter i etterkrigstida, og antal drepne i interne konflikter har stort sett vore større enn talet på drepne i mellomstatlege kriger sidan 1970-talet. Wallenstein & Sollenberg har vist at i perioden i perioden 1974-1994 var talet på drepne i intrastatlege konflikter for første gong større enn talet på drepne i mellomstatlege konflikter og det med ein vid margin. Dei skriv at “the balance has shifted towards intrastate conflict. In absolute numbers interstate conflict has also declined.” Mellomstatlege konflikter har likevel ikkje heilt forsvunne. Med unntak av 1993-1994 var det mellomstatlege konflikter kvart år i perioden 1989-1996, men desse konfliktane var haldne nede på eit relativt lågt nivå (“level of hostility”) med unntak av Golf-krigen som vart autorisert av FN. Sjå Peter Wallenstein & Margareta Sollenberg, “The End of International War? Armed Conflict 1989-1995,” *Journal of Peace Research* 33 (3) 1996, ss.353-370.

⁶ Her er verdssamfunnet definert som ein brei koalisjon av statar, oftast leia av USA, som opptre innanfor rammene av ei eller anna form for overnasjonal legitimering.

at dei vil vurdere å ty til ulike former for verkemiddel som på ein eller annan måte reduserer nytteeffekten av overlegen militærkapasitet. Som vi skal sjå, blir denne typen verkemiddel omtala som 'asymmetriske verkemiddel' og kan omfatte geriljakrigføring, terrorisme, psykologisk krigføring og informasjonsoperasjonar. Denne lista av delvis overlappende strategiar rettar seg berre delvis mot den fysiske manifestasjonen av militærmakt. Sidan internasjonale militære fredsoperasjonar og tvangsoperasjonar yttarst sjeldan dreier seg om eksistensielle konflikter for deltakarlanda (i intervensjonsstyrken), vil viljen til å bere kostnader og tap vere låg. Lawrence Freedman minner oss om at

... the key characteristic of Western military operations especially after the Cold War, is the degree of choice when and where to engage militarily, and it is this key factor that underly much of the asymmetrical warfare problem.⁷

Dette inneber at bruk av 'asymmetriske verkemiddel' for å bryte viljen til ein intervenerande koalisjon med avgrensa strategiske mål og vilje til kostnader og tap skulle vere langt meir effektivt enn i ein altomfattande eksistensiell krig. Som ein mogleg hypotese kan ein difor hevde at ein meir aktivistisk, inngripande politikk frå det internasjonale samfunnet si side vil føre til ein auke i omfanget av asymmetrisk krigføring retta mot deltakarlanda i denne type militæroperasjonar.⁸

1.2.3 Spreiing av ABC-våpen og ABC-teknologi

Asymmetri-omgrepet er ofte assosiert med bruk av masseødeleggingsvåpen, fyrst og fremst fordi denne typen våpen gir ei radikalt forbetra evne til avskrekking og terror samanlikna med konvensjonelle våpen. Atomvåpen står naturlegvis i ei særklasse, men både biologiske og kjemiske våpen er forbundne med ei heilt anna frykt enn konvensjonelle militære våpen, jamvel om den faktiske effekten ved bruk av slike stridsmiddel i realiteten ikkje nødvendigvis er 'masseødeleggjande'.⁹ I Vesten og framfor alt i USA er det ei utbreidd frykt for spreiring av masseødeleggingsvåpen / ABC-våpen og av teknologi og materiale til å produsere slike våpen.¹⁰ Det auka fokuset på dette trugsmålet er utan tvil ein sentral faktor for å forklare den nye tryggingpolitiske debatten om asymmetrisk krigføring.

Biologiske og kjemiske våpen er totalforbodne i internasjonale avtalar—The Biological Weapons Convention/BWC og The Chemical Weapons Convention/CWC. Avtalane heimlar òg streng regulering av all handel med teknologi eller materiale som kan nyttast til å produsere B-

⁷ Freedman, Lawrence, "The Revolution in Strategic Affairs," *Adelphi Paper* nr 318 (International Institute for Strategic Studies), Oxford University Press, New York april 1998. Sjå spesielt kapittel 4.

⁸ Vi har tidlegare diskutert samanhengen mellom fredsoperasjonar og terrorisme i blant anna A Hansen & J K Knudsen, *Terrorism and the Use of Force in Peacekeeping - Does More 'Muscular' Peacekeeping Entail More International Terrorism?*, FFI-RAPPORT, januar 2001; B Lia, *Er sivil infrastruktur sannsynlege mål for terrorgrupper i fredstid? Terrorisme som tryggingpolitisk utfordring i Norge*, FFI-Rapport 2000/01703, s. 22-23; B Lia & A S Hansen, *Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions*, FFI-REPORT 2000/01704 (juni 2000), s. 43-46.

⁹ Bruce Hoffman, "New and Continuing Forms of Terrorism", føredrag på FFI-seminaret *Terrorism: Past, Present and Future* i Oslo Militære Samfund 27 september 2000.

¹⁰ Masseødeleggingsvåpen vert vanlegvis brukt som ei fellesnemning på kjernefysiske, biologiske og kjemiske våpen, eller ABC-våpen. I denne konteksten omfattar kjernefysiske våpen ikkje berre kjernefysiske sprengladningar, men òg våpen som nyttar kjernefysisk, ikkje-eksplosivt materiale for å påføre skade. Til dømes kan radioaktivt avfall bli spreidd med konvensjonelle sprengladningar i ei folkemengd. Mange vil elles meine at nemninga 'masseødeleggingsvåpen' brukt på denne måten ikkje passar, ettersom det finst konvensjonelle våpen med samanliknbar øydeleggingskraft.

og C-våpen.¹¹ I tilknytning til CWC har det vorte utarbeidd og vedteke eit omfattande kontrollregime, som vert handheva av ein eigen organisasjon—the Organisation for the Prohibition of Chemical Weapons/OPCW. OPCW har fullmakt til å gjennomføre inspeksjonar ved ulike anlegg, både sivile og militære, der det vert drive verksemd og eller nytta materiale som er aktuelt for produksjon av kjemiske våpen. BWC manglar eit tilsvarande kontrollregime. Dei fleste statane i verda har slutta seg til både BWC og CWC. Utbreiinga av atomvåpen er regulert i Ikkje-spreiingsavtalen (The Non-Proliferation Treaty/NPT). NPT forbyr spreining av atomvåpen utover det som er situasjonen i dag, med fem erklærte atommakter (USA, Russland, Storbritannia, Frankrike og Kina).¹² Men fleire statar freistar å skaffe seg ABC-våpen i strid med internasjonalt lovverk, og nokon utviklar òg leveringsmiddel, det vil i hovudsak seie missil, for slike våpen. Desse statane er alle blant dei som USA lenge har kalla *rogue states* (“kjeltringstatar”). Nord-Korea har konstruert og testa langtrekkande missil, og landet har høgst sannsynleg lenge arbeidd med å lage atomvåpen. Etter Golf-krigen vart det avdekka at Irak hadde eit omfattande program for å framstille kjemiske og biologiske våpen og missil for å levere dei. Sjølv om Irak vart gjenstand for omfattande overvaking, er det mogleg at landet har makta å vidareføre delar av desse våpenprogramma. Utvikling av atomvåpen er langt vanskelegare, krev store ressursar og er dessutan enklare å avsløre for omverda enn tilfellet er med B- og C-våpenprogram. Ein må likevel ikkje undervurdere vanskaner med å konstruere B- og C-våpen, inkludert effektive leveringsmiddel, som kan nyttast målretta og effektivt i taktiske og strategiske samanhengar. Dei få døma ein kjenner til der ikkje-statlege organisasjonar har forsøkt å skaffe seg materiale for sjølve å produsere slike våpen, viser at til og med svært ressurssterke organisasjonar i all hovudsak har mislukkast i å produsere effektive våpen.¹³

Men det har vorte enklare å få tak i materiale og teknologi til å produsere ABC-våpen, trass i avtalar og overvaking. Dels skuldast dette at tilgang til den nødvendige teknologiske kunnskapen og ekspertisen er blitt noko lettare, både av tekniske, økonomiske og politiske grunnar. Vidare har Sovjetunionen sitt samanbrot blitt eit eige problem i denne samanhengen. Landet hadde stor kompetanse til å framstille ABC-våpen og store arsenal av ferdige våpen. Med oppdelinga av landet vart det vanskelegare å oppretthalde oversyn og kontroll med desse arsenalane. Den vanskelege økonomiske situasjonen i Russland og dei andre arvtakarstatane skulle auke motivasjonen for å selje både våpen, råmateriale og kunnskap til dei som måtte ynskje det, til dømes *rogue states* og terroristar. Det har vore fleire tilfelle av tjuveri av kjernefysisk materiale (men ikkje våpen eller høgopprika uran) frå russiske institusjonar.¹⁴ Om det er vanskeleg å lage brukbare ABC-våpen, er det langt lettare å skaffe seg råmateriale til ABC-våpen, spesielt enkle former for kjemiske våpen.

¹¹ Denne reguleringa omfattar også såkalla “dual use”-teknologi og -materiale, det vil seie teknologi og materiale som kan nyttast både i våpenproduksjon og i heilt uskuldige sivile samanhengar.

¹² NPT forbyr altså andre statar enn dei fem erklærte atommaktene å ha atomvåpen. For dei fleste landa i verda har dette vore uproblematisk. Men Pakistan og India, som begge har prøvesprengt atomvåpen, og Israel, som utvilsomt har atomvåpen, men som av prinsipp ikkje vil erklære seg som det eine eller andre, nektar å underteikne. Også andre land oppfattar avtalen som urettferdig sidan han gjer forskjell på statar og frys *status quo* i staden for å avskaffe atomvåpen heilt. Sjå Andrésen, Rolf-Inge Vogt – *Utvikling og spredning av masseødeleggelsesvåpen og missilteknologi* (FFI/RAPPORT-97/04266) for meir om ikkje-spreiingsproblematikken.

¹³ Sjå blant anna Gavin Cameron, “Multi-track Microproliferation: Lessons from Aum Shinrikyo and Al-Qaida,” *Studies in Conflict and Terrorism* 22 (4) 1999, s. 277-309.

¹⁴ Rensselaer W Lee III, “Post-Soviet Nuclear Trafficking: Myths, Half-Truths, and the Reality,” *Current History* 94 (594) oktober 1995, s.343-348, og Rensselaer W Lee III, *Smuggling Armageddon - The Nuclear Black Market in the Former Soviet Union and Europe*, London: MacMillan Press 1998.

1.2.4 'Den nye terrorismen'

Ein viktig faktor som kan forklare framveksten av asymmetri-konseptet er førestellinga om framveksten av nye former for terrorisme på 1990-talet, den såkalla 'nye terrorismen'. Scenario som involverer bruk av masseødeleggingsvåpen i terrorsamanheng, har dei seinare åra kome på dagsordenen som eit trugsmål som ein tradisjonell forsvarsstruktur er lite budd på å møte. Fokuset på MØV-terrorisme har ikkje berre samanheng med avdekkinga av Iraks omfattande program for biologiske og kjemiske våpen i kjølvatnet av Golf-krigen, men òg med framveksten av terrorgrupper som synest å ha større vilje til å nytte massevald som våpen enn tradisjonelle terrorgrupper har hatt.

Ei rekkje nyare studiar understrekar sterkt at karakteren til internasjonal terrorisme har endra seg mykje gjennom dei siste åra.¹⁵ Det er særleg framveksten av ein meir valdeleg type terrorisme, ofte religiøst motivert, som har stått sentralt i nyare forskingslitteratur. Under ulike namn som "den nye terrorismen", "superterrorisme", "masseødeleggingsterrorisme", "massedrapsterrorisme" og "katastrofeterrorisme" har det kome ut mykje litteratur dei siste åra som åtvarar mot at terrorisme no representerer eit meir alvorleg trugsmål.¹⁶ Auka tilgang på kunnskap om og materiale til konstruksjon av masseødeleggingsvåpen (MØV) har lenge vore ei kjelde til uro. Samstundes har ei rekkje terrorgrupper på 1990-talet vist sterk interesse for å skaffe seg og nytte MØV.

Samanhengen mellom globalisering og terrorisme er eit mykje omtala, men lite utforska tema i trendlitteraturen. Den aukande flyten av varer, menneske, informasjon og teknologi over landegrensene samt tilgangen på avansert kommunikasjonsteknologi kan vere med på å auke handlingsrommet og slagkrafta til potensielle terrorgrupper. Ein er vitne til ei raskare spreing av radikale ideologiske rørsler og større samhandling mellom terrororganisasjonar på tvers av landegrensene. Nokre forskarar meiner å sjå ein aukande trend mot større potensial for 'spillover-effektar' av terrorisme, der årsakene til valden ligg i *ein* region, mens åtaka blir utførte i andre regionar og verdsdelar.¹⁷

Dei seinare åra har det vorte mykje tale om framveksten av omfattande og nære band mellom politiske terrorgrupper og transnasjonal organisert kriminalitet i fleire delar av verda, og ein tendens til utvisking av skiljelinjene mellom desse to fenomen.¹⁸ Auken i interne konflikhtar etter den kalde krigen og framveksten av nye konflikttypar der økonomiske agendaer dominerer over politisk-ideologiske drivkrefter, er sentrale tema.¹⁹ Her trekkjer ein blant anna fram den

¹⁵ Dette avsnittet bygger på artikkelen B Lia, "Mot farlegare former for terrorisme," *Internasjonal politikk* 58 (3) september 2000.

¹⁶ Sjå til dømes International Institute for Strategic Studies, "A New Face of Terrorism?," *Strategic Survey 1998-99*, Oxford: Oxford University Press 1998); James K Campbell, "Excerpts from Research Study 'Weapons of Mass Destruction and Terrorism: Proliferation by Non-state Actors' ", *Terrorism and Political Violence* 9 (2) 1997; Walter Laqueur "Postmodern Terrorism, New Rules for an Old Game", *Foreign Affairs* 75 (5) september/oktober 1996; *The Economist*, "The New Terrorism: Coming Soon to a City Near You", 15 august 1998; Ashton Carter et al, "Catastrophic Terrorism: Tackling the Danger", *Foreign Affairs* 77 (6) november/desember 1998; Brad Roberts (red) *Terrorism with Chemical and Biological Weapons: Calibrating Risks and Responses*, The Chemical and Biological Arms Control Institute, Washington, 1997.

¹⁷ Sjå til dømes Cindy Combs, *Terrorism in the Twenty-First Century*, New Jersey: Prentice Hall 1997.

¹⁸ Paul Wilkinson, "The Strategic Implications of Terrorism", (Paper for the International Institute for Strategic Studies 41st Annual Conference, San Diego, 8-11 september 1999, s. 9.

¹⁹ Sjå til dømes Mats Berdal & David Keen, "Violence and Economic Agendas in Civil Wars: Some Policy Implications," *Millenium: Journal of International Studies* 26 (3) 1997, s. 1-24.

store auken i gisseltakinga for økonomiske føremål i ei rekkje land, jamvel om denne verksemda ligg i grenselandet for det som fell inn under terrorismeomgrepet.

Det er likevel førestellingar om farlegare og meir dødelege former for terrorisme som står mest sentralt i asymmetri-debatten. Små sub-statlege grupper utan kontroll over territorium eller ansvar for befolkning, men med effektive masseødeleggingsvåpen, representerer ei strategisk omvelting som snur opp ned på våre tradisjonelle førestellingar om avskrekking og maktbalanse.²⁰

Statistisk materiale peikar mot at terroraksjonar er blitt meir "dødelege" i den forstand at det er fleire døde per aksjon. Ein ser også ein tendens i retning av meir anonymisert terrorisme, dvs utan førevarsel eller utan at grupper tek på seg ansvaret og prøver å rettfærdiggjere handlinga. På slutten 1970-talet, då den venstredikale og ideologiske terrorismen dominerte i Europa, hadde omtrent samtlige aktive internasjonale terrorgrupper sekulære ideologiar og mål, i dei fleste tilfella ein eller annan variant av marxismen. Ved tusenårsskiftet er ikkje mindre enn ein tredel av alle aktive internasjonale terrorgrupper religiøst motiverte. Fleirtalet soknar til ei eller anna form for islamisme.²¹

Fleire forskarar meiner at religiøse motivasjonsfaktorar gjer at barrierane mot massevaldsterrorisme vert lågare. Dei potensielt mest valdelege terroraksjonane på 1990-talet er assosierte med religiøse sekter (fyrst og fremst terroråttaket med saringass i Tokyo av den japanske sekta *Aum Shinrikyo*) og islamske militante grupperingar (Ramzi Youssef-gruppa sitt forsøk på å velte World Trade Center i New York i 1993). Det synest klart at ei rekkje religiøst motiverte terrorgrupper har forsøkt å skaffe seg og nytte masseødeleggingsvåpen. Fremst blant dei er *Aum Shinrikyo* og *al-Qa'ida*, den siste leia av Osama Ben Laden.²² Også høgre-ekstreme rasistiske grupperingar kan synest å ha ein lågare terskel for å nytte massevald enn den tradisjonelle sekulære terrorismen har. Bombinga av den føderale bygningen i Oklahoma City i 1995, der 167 menneske vart drepne, vart utført av ekstreme amerikanske anti-føderalistar.

1.2.5 Kritisk infrastruktur og sårbare informasjonssystem

Ein siste sentral faktor i asymmetri-debatten, og for nokre kanskje den viktigaste, er dei tryggingspolitiske og militærteoretiske implikasjonane av at ny informasjonsteknologi vert introdusert på stadig fleire område i samfunnet. Det er i første rekkje redsla for dei vidtrekkande konsekvensane som terror- og sabotasjeåtak retta mot sårbare infrastruktur mål kan få blant anna som ei følgje av at denne infrastrukturen er så avhengig av sentraliserte operative informasjonssystem. Kritisk sivil infrastruktur kan grovt sett seiast å omfatte telekommunikasjon, energiforsyning og transport. Informasjonssystem som styrer kritisk infrastruktur er ikkje berre sårbare via elektroniske innbrot, men kan også bli utsette for ulike former for fysisk sabotasje, f eks ved kutting av tele- og straumførande kablar, fysisk sprenging eller ved bruk av eletromagnetiske våpen (EMP-våpen), som er eit anna potensielt verknadsfullt

²⁰ Sjå for eksempel Jean-Marie Guéhenno, "The Impact of Globalisation on Strategy," *Survival* 40 (4) vinter 1998/99, s.5-19; Keith Payne, *Deterrence in the Second Nuclear Age*, University Press of Kentucky 1996; Jacob Børresens glimrande bokomtale i *Norsk Militært Tidsskrift* 8/9 1998, s.35-39.

²¹ Paul Wilkinson, "The Strategic Implications of Terrorism", innlegg på the International Institute for Strategic Studies 41st Annual Conference, San Diego 8-11 september 1999, s.8.

²² Stefan Leader, "Osama Ben Laden and the Terrorist Search for WMD", *JANE's Intelligence Review* juni 1998, s.34-37.

våpen mot informasjonssystem. Framleis har ein for lite empirisk materiale til å seie noko sikkert om dette, og ein kjenner ikkje til klare døme på terroråtak med EMP-våpen.²³

Det er i første rekkje innføringa av stadig meir avanserte nettverksoppkople informasjonssystem for å drive kritiske samfunnsfunksjonar som har ført til at fokuset mot denne type terrorutfordringar har auka, snarare enn at alvorlege terroråtak av denne typen har hendt. Det er stor uvisse om terrorgrupper i det tjuetjuehundreåret vil velje å gjennomføre terroraksjonar i cyberspace i staden for med tradisjonelle verkemiddel. Så langt veit ein lite om terrorgrupper si interesse for bruk av IT-system som terrorvåpen eller terrormål. Ein kjenner til at ei rekkje terrorgrupper er aktive på Internett og spreier budskapet sin. Samstundes har fleire grupper brukt Internett til kommunikasjon og kommandoføremål.²⁴ I fredstid kan ein også tenkje seg aktørar som misnøgde tilsette i verksemda (“insiders”), tenåringshackerar, ikkje-valdelege miljø- og dyrevernaktivistar som ynskjer å sabotere miljøskadeleg verksemd, eller kriminelle element som vil drive utpressing. I framtidige svært spente krisesituasjonar kan ein tenkje seg at statlege eller statsstøtta aktørar vil ha interesse av å angripe infrastruktur mål via informasjonssystem. Som vi skal sjå nedanfor, har fokuset på asymmetriske truslar i USA blitt knytt til faren for omfattande åtak mot landets infrastruktur for å svekkje landets evne til rask militær maktprojeksjon i krisesituasjonar i Den persiske golfen og i Asia.²⁵

2 ASYMMETRI-OMGREPET I SENTRALE NORSKE FORSVARS- OG TRYGGINGSPOLITISKE GRUNNLAGSDOKUMENT

Debatten om asymmetri og asymmetriske trugsmål har i aukande grad avspegla seg i sentrale norske forsvars- og tryggingspolitiske grunnlagsdokument. I den forsvarspolitiske debatten i Norge blir omgrepa nytta blant anna for å kaste lys over Forsvaret og NATO-alliansen sine framtidige oppgåver og utfordringar. I ein artikkel om det nye NATO skriv tidlegare forsvarsminister Jostein Fjærvoll at Alliansen sine styrkar “må også kunne møte nye former for trusler, (asymmetriske trusler).”²⁶ Den definisjonen av asymmetriske trugsmål som Fjærvoll gir i innlegget sitt er relativt vid. Asymmetriske trugsmål inneber bruk av

... andre stridsmidler og andre måter å føre strid på enn de vi selv ønsker å bruke. Det inkluderer både masseødeleggelsesvåpen, og den form for krigføring som tar sikte på å påføre sivilbefolkningen størst mulig skade.

Førestellinga om asymmetri som blir avspegla her er uklar. På den eine sida viser talen til asymmetriske trugsmål som kvalitativt “nye” trugsmål. Definisjonen av asymmetriske trugsmål, derimot, viser til bruk av MØV og utnytting av lidingane til sivilbefolkninga som våpen i krigføringa, og dét kan vel knapt nok seiast å vere eit nytt trekk ved moderne krigføring i det tjuande hundreåret. Fjærvoll noterer i talen at “NATO i dag ikke står overfor noen militær trussel”, og det er nettopp her det nye fokuset på asymmetri har sin største relevans. Det er i fråværet av ein klart definert militær trussel og i samsvar med tryggingspolitikken logikk at ein

²³ Odd Harry Arnesen, *EMC Zurich 99*, FFI-Reiserapport-99/0176, 16 april 1999.

²⁴ Sjå for eksempel Michael Whine, “Islamist Organizations on the Internet”, *Terrorism and Political Violence* 11 (1) vår 1999, s.123-132.

²⁵ Sjå til dømes Jonathan Tucker, “Asymmetric Warfare”, *Forum for Applied Research and Public Policy*, sommar 1999; <http://forum.ra.utk.edu/summer99/asymmetric.html>.

²⁶ Jostein Fjærvoll 1999.

også ynskjer å planleggje for det ukjende og for scenario som synest mindre sannsynlege.

Asymmetriske trugsmål ser såleis ut til å fylle ein funksjon som nyttig sekkeomgrep for ulike trugsmål som persepsjonsmessig synest å vere til stades, men som ein framleis ikkje har klart å definere på ein god måte. Difor ser ein at definisjonane av asymmetriske trugsmål og asymmetrisk krigføring varierer mykje, men at ei grunnførestelling om det ukjende og overraskande er blitt eit gjennomgangstema i debatten om asymmetri.

2.1 Omtale av ‘asymmetriske trugsmål’ i Langtidsmeldinga for Forsvaret 1999-2002

Forsvarets langtidsmelding for perioden 1999-2002 (1998) diskuterer også nye asymmetriske trugsmål.²⁷ Det er likevel interessant å merkje seg at avsnittet om asymmetriske trugsmål ikkje er plassert i kapittel 3, “Sikkerhetspolitisk grunnlag”, men i kapittel 4, “Samfunnsmessig, teknologisk og operativt grunnlag”. Det indikerer nok at omgrepet då Langtidsmeldinga vart skriven, ikkje var eit veletablert omgrep i den tryggingpolitiske debatten og forskinga som dokumentet byggjer på.

Kapittel 4.5 i Langtidsmeldinga, “Samfunnets sårbarhet”, peikar på at befolkningsmessig “sentralisering”, frie marknader og auka bruk av informasjonsteknologi gjer samfunnet meir sårbart. Samstundes har framveksten av andre aktørar enn nasjonalstatar vore eit særtekk ved internasjonal politikk dei seinare åra, ifølgje Langtidsmeldinga. Mellom anna blir det peikt på at “ekstreme grupperinger som er motivert av blant annet religiøs fundamentalisme, nasjonalisme eller ekstreme miljøverninteresser, sprer sin virksomhet på tvers av landegrenser.” Dokumentet åtvarar mot at denne typen ikkje-statlege aktørar “kan ty til voldelige handlinger for å skape press eller oppmerksomhet om sin sak.” Kopla saman med dei teknologiske og samfunnsmessige endringane er dette med på å auke “samfunnets samlede sårbarhet”. Dette er eit gjennomgåande tema i delar av Langtidsmeldinga. Dei “kritiske svakhetene” ved det moderne samfunnet “[kan] utnyttes av så vel enkeltpersoner som velorganiserte grupper og statlige aktører”. Ei slik utvikling er “særleg bekymringsfull når den sammenholdes med andre utviklingstrekk av teknologisk og militær art”, skriv Langtidsmeldinga og viser blant anna til avsnitta om asymmetriske trugsmål.²⁸

Langtidsmeldinga omhandlar “asymmetriske trugsmål” først og fremst som ein del av kapitlet om “militære operasjonskonsepter” og ikkje som ein del av det tryggingpolitiske grunnlaget. Asymmetriske trugsmål blir såleis sett konseptuelt i samanheng med (i) ei oppfatning av aukande samfunnsmessig sårbarheit overfor ein udefinert klasse av aktørar, og (ii) nye militære operasjonskonsept. Eit militært operasjonskonsept er definert som eit grunnleggjande prinsipp som militære styrkar brukar i sine operasjonar. Det norske operasjonskonseptet har gjennomgått ei endring med overgangen frå Den kalde krigens *utmattingsorienterte* krigføring til dagens *manøverkrigføringsprinsipp*, som det noverande operasjonskonseptet er basert på. Langtidsmeldinga understrekar at alle statar eller militære organisasjonar har veikskapar som er avgjerande for evna eller viljen til bruk av militær makt, og at desse “kritiske punkta” ikkje

²⁷ Stortingsmelding nr 22, *Hovedretningslinjer for Forsvarets utvikling og virksomhet i tiden 1999-2002*.

²⁸ I delkapitlene 4.6 – “Teknologisk utvikling”, 4.7 – “Militære operasjonskonsepter”.

nødvendigvis vil vere dei militære kampavdelingane til motstandaren.²⁹ Det er i denne samanheng at spørsmålet om “asymmetriske trugsmål” synest å få sin største relevans, og Langtidsmeldinga er inne på dette med å peike på at motstandarar “ikke nødvendigvis lar seg pasifisere av et militært nederlag.” Det “finnes heller ikke nødvendigvis velegnete militære motmidler mot slike trusler.” Dette siste poenget — fråveret av effektive militære motmiddel — synest å ha blitt ein del av definisjonen på asymmetriske trugsmål.

Delkapitlet om asymmetri tek også utgangspunkt i Forsvaret si deltaking i internasjonale fredsoperasjonar der styrkeforholdet mellom lokale aktørar og internasjonale intervensjonsstyrkar er ujamnt eller asymmetrisk, og det er denne asymmetrien som er opphavet til nye trugsmål. Som døme på asymmetriske trugsmål nemner Langtidsmeldinga terroraksjonar retta mot “intervensjonsstyrkens heimland” og virkningsfull utnytting av “moderne teknologi”, som til dømes datanettverk.

Utover dette er Langtidsmeldinga uklår i definisjonen av kva asymmetriske trugsmål eigentleg er, og det er ikkje openbert kva samanhengen er mellom Forsvaret sitt operasjonskonsept og denne nye kategorien av trugsmål. Er det Forsvaret si omlegging til manøverkrigføringskonseptet, med vektlegging av tyngdepunkta til motstandarane, som inneber at krigføringa i større grad blir ein kamp om den politiske viljen enn militær strid? Eller er det deltakinga i internasjonale fredsoperasjonar som har skapt nye asymmetriske trugsmål mot norsk territorium? Eller er asymmetriske trugsmål berre ein del av det lokale trusselbiletet mot norske styrkar som tek del i internasjonale fredsoperasjonar?

Langtidsmeldinga reiser ei heil rekkje uavklarte spørsmål om kva for aktørar som kan tenkjast å vere kjelda til asymmetriske trugsmål og om kva slags motivasjon aktørane kan tenkjast å ha. Er det “samfunnets sårbarhet” generelt sett som nærmast inviterer til åtak? Er det i så fall nokon påviseleg samanheng mellom denne sårbarheten og moglege aktørar med tilstrekkeleg kapasitet og vilje til å utnytte desse opningane? Er for eksempel asymmetriske trugsmål hovudsakleg knytte til ikkje-statlege aktørar (terroristorganisasjonar, geriljagrupper, organiserte kriminelle syndikat?), noko som terrorisme-scenariet synest å peike på, eller er statlege aktørar også potensielle motstandarar?

Dei mange uavklarte spørsmåla som problemstillingar kring asymmetriske trugsmål reiser, viser tydeleg at dette er relativt nye idéar som enno ikkje er godt integrert i den militærteoretiske tenkinga. Avsnittet om asymmetriske trugsmål ber også noko preg av ikkje å springe ut av Forsvaret og Forsvarsdepartementet sin *tryggingspolitiske* forskningstradisjon. Særleg er dette klart i skildringa av asymmetriske trugsmål i samband med internasjonale operasjonar. Skildringa inneheld to omstridde påstandar om militærmakt og motmakt i internasjonale fredsoperasjonar:

²⁹ Dette har for så vidt vore ein undertone i fleire av dei klassiske militærteoretiske verka. Clausewitz sitt kjende omgrep *center of gravity* blir nettopp definert langt vidare enn den militære infrastruktur: “In countries subject to domestic strife, the center of gravity is generally the capital. In small countries that rely on large ones, it is usually the army of their protector. Among alliances, it lies in the community of interests, and in popular uprisings it is the personality of leaders and public opinion. It is against these that our energies should be directed...”. Sitert i Max G. Manwaring (red), “Towards an Understanding of Insurgency Wars: The Paradigm”, *Uncomfortable Wars: Towards a New Paradigm of Low Intensity Conflict*, Boulder, Colorado: Westview Press, Westview Studies in Regional Security 1991.

I internasjonale fredsoperasjoner har de vestlige land hittil kunnet basere seg på militær overlegenhet i forhold til de lokale aktørene. Slike skjeve styrkeforhold gjør at stedlige aktører ofte søker å kompensere for dette på andre måter, for eksempel gjennom terroraksjoner rettet mot intervensjonsstyrkenes hjemland eller mot bredere deler av det internasjonale samfunn.³⁰

Jamvel om tilsvarende argument blir framførde i andre sammenhengar også, er det grunn til å peike på at det er vanskeleg å finne empirisk grunnlag for dei. For det første er det ikkje historisk grunnlag for påstanden om at vestlege land har kunne "basere seg på overlegenhet i forhold til de lokale aktørene" i internasjonale fredsoperasjonar. Faktisk er vel det motsette tilfelle i omtrent samtlege internasjonale fredsoperasjonar bortsett frå eit fåtals operasjonar, i første rekkje dei NATO-leia operasjonane SFOR/IFOR i Bosnia og KFOR i Kosovo, der ein fredsstyrke for fyrste gong har kunne operere ut frå ein posisjon av militær overmakt og ikkje berre basere seg på partane skulle ha respekt for FN-flagget. Den andre påstanden, om moglege terroraksjonar, rår det også uvisse om. Det finst svært få døme på terroraksjonar gjennomført av ein av dei lokale partane, retta mot heimlandet til deltakarlanda i ein internasjonal fredsoperasjon.³¹ Når det derimot gjeld internasjonale *tvangsoperasjonar*, som til dømes *Operasjon Ørkenstorm* mot Irak i 1991, har ein rett nok sett nokre *internasjonale* (det vil seie utanfor teateret) terroraksjonar og terrortrugs mål som direkte reaksjon på tvangsoperasjonen.³²

Diskusjonen ovanfor kan nok synast å vere semantisk flisespikkeri for nokon. Likevel burde hovudpoenget vere klart, nemleg at Langtidsmeldinga for Forsvaret ikkje omhandlar asymmetriske trugs mål som noko veletablert tryggingpolitisk eller militærteoretisk konsept som er analytisk avklart og rotfesta i ein forskingstradisjon.

2.2 Omtale av asymmetriske trugs mål i Stortingsmelding Nr 38

Debatten omkring asymmetriske trugs mål har fått endå breiare plass i det tryggingpolitiske grunnlaget for Stortingsmelding nr 38, "Tilpasning av Forsvaret til deltakelse i internasjonale operasjonar"³³, enn tilfellet var i Langtidsmeldinga. Kapittel 2 "Sikkerhetspolitisk grunnlag" strekar under som det første av kapitlets i alt tre hovudpoeng at

... regionale konflikter i periferiområdene til og rundt det euro-atlantiske området, og potensielle asymmetriske trusler mot NATOs kjerneområde, vil i overskuelig fremtid utgjøre en sikkerhetspolitisk hovedutfordring også for Norge.³⁴

Til skilnad frå Langtidsmeldinga ser Stortingsmelding 38 ikkje asymmetriske trugs mål primært i samband med ei oppfatning av aukande samfunnsmessig sårbarheit overfor ein udefinert klasse av aktørar, eller med nye militære operasjonskonsept. Dokumentet knyter omgrepet meir direkte til bruk av ikkje-konvensjonelle verkemiddel, først og fremst terrorisme og MØV:

Samtidig har andre typer potensielle trusler – spesielt fra aktører som er villige til å ty til terrorisme og/eller bruk av masseødeleggelsesvåpen – kommet mer i forgrunnen.

³⁰ Ibid.

³¹ A S Hansen & J K Knudsen, *Terrorism and the Use of Force in Peacekeeping - Does More 'Muscular' Peacekeeping Entail More International Terrorism?*, FFI-RAPPORT, januar 2001.

³² Sjå til dømes Tore Bjørge, "Terrortrusselen i forbindelse med Gulfkrigen", *Internasjonal Politikk* 50 (3)1992, s. 245-257.

³³ Stortingsmelding Nr 38: *Tilpasning av Forsvaret til deltakelse i internasjonale operasjonar*, godkjent av statsråden 4 juni 1999.

³⁴ Ibid, kapittel 2: "Sikkerhetspolitisk grunnlag".

Stikkord for det siste er *asymmetriske trusler* [vår utheving], det vil si trusler om bruk av virkemidler som er vesensforskjellige fra de virkemidler en selv benytter eller er villig til å benytte.³⁵

Men Stortingsmeldinga er uklar med omsyn til i kva situasjonar slike asymmetriske trugsmål vil oppstå. Etter ein gjennomgang av ei lang rekkje tenkjelege situasjonar som kan påverke Norges tryggleik, heiter det i Stortingsmeldinga:

Andre typer internasjonale konflikter kan medføre *asymmetriske trusler* [vår utheving] mot NATO samlet eller mot enkelte allierte, for eksempel i form av terrorisme, begrensede militære anslag eller trusler om bruk av masseødeleggelsesvåpen (i første rekke kjemiske eller biologiske). Slike mulige trusler kan eventuelt også fremstå som forsøk på politisk utpressing, eller være en følge av NATOs rolle i en ikke-artikkel 5-operasjon.

Som i Langtidsmeldinga er aktør-omgrepet når det gjeld asymmetriske trugsmål, svært diffust. Ingen spesifikke aktørar blir knytta til omgrepet, men i generelle vendingar vert det nemnt at “et bredt spekter av potensielle fremtidige trusler av mer begrensa art [...] kan komme fra terrorister, lovløse stater eller organiserte internasjonale kriminelle, i tillegg til fra andre stater eller sammenslutninger av stater.”³⁶

Jamvel om aktør-dimensjonen ved dei såkalla asymmetriske truslane, eller situasjonar der asymmetriske truslar kan oppstå, forblir svært diffus, konkluderer likevel Stortingsmeldinga med at “faren for regionale konflikter i det euro-atlantiske området har økt, og såkalte asymmetriske trusler mot NATO samlet eller enkelte medlemsland vil kunne oppstå i årene som kommer.” Asymmetriske trugsmål blir vidare sagt å vere ei av årsakene til at “våre allierte, som i siste instans utgjør hovedgarantien for vår sikkerhet, nå prioriterer internasjonale militære operasjoner, særskilt internasjonale fredsoperasjoner, og forventer substansielle bidrag også fra vår side i denne sammenheng.” Asymmetriske trugsmål blir også her eit sekke-omgrep som omfattar ei lang rekkje utfordringar frå uspesifiserte aktørar, jamvel om fokuset er noko sterkare på trugsmål mot regional stabilitet i det euro-atlantiske området enn tilfellet var i Langtidsmeldinga.

Til skilnad frå Langtidsmeldinga presenterer Stortingsmelding nr 28 asymmetriske truslar som ein viktig del av det tryggingspolitiske fundamentet for norsk engasjement i internasjonale fredsoperasjonar. Stortingsmeldinga hjelper oss likevel ikkje særleg vidare når det gjeld å få ei nærare analytisk avklaring av omgrepet.

2.3 Forsvarets fellesoperative doktrine

I Forsvarets fellesoperative doktrine (2000) er tilnærminga til omgrepa ‘asymmetri’ og ‘asymmetriske trugsmål’ meir militærteoretisk og metodisk. Her er skilnad i militærteknologisk nivå, militær organisering og politisk-kulturelle normer for maktbruk og tap av menneskelig framheva som det mest sentrale:

Selv om Forsvaret må være forberedt på å møte en teknologisk moderne motstander, kan norske styrker i internasjonale fredsstøttende operasjoner stå overfor aktører med et annet, og på mange måter lavere, teknologisk nivå. I slike teknologisk sett asymmetriske

³⁵ Ibid, kapittel 2: “Sikkerhetspolitisk grunnlag”.

³⁶ Ibid, kapittel 2: “Sikkerhetspolitisk grunnlag”.

situasjoner kan aktørene bruke kombinasjoner av militær og sivil teknologi på originale, eller for oss overraskende, måter, eller de kan operere med langt lavere sikkerhetsmarginer enn våre styrker, og de ser seg heller ikke nødvendigvis like bundet av internasjonale avtaler og konvensjoner.³⁷

[...]

I en konflikt som er asymmetrisk med hensyn til organisering og bruk av militære styrker, er det mindre sannsynlig at våpenleveranser på stor avstand har samme effekt. Høyteknologi kan dermed ikke i samme grad beskytte mot tap. I slike konflikter vil det bli nærkontakt mellom partene, og begge må ta tap. De vestlige lands vegring for å miste egne soldater har i dag strategiske implikasjoner.³⁸

Del B av Forsvarets fellesoperative doktrine opererer ikke berre med omgrep som asymmetriske situasjonar og asymmetriske konfliktrar. Doktrinen søker òg å utvikle omgrep som "symmetriske og asymmetriske operasjonar". Her er det i første rekkje normene for krigføringa ("spelereglar") som er det sentrale, og asymmetrien ligg i at partane har fundamentalt ulike syn på kva for spelereglar krigen skal følgje:

Den tvekampmodellen som Clausewitz bruker, er uttrykk for en symmetrisk kamp. Både bokserer og brytere kjemper ut fra felles regler innenfor et definert område, og de bruker de samme midler og metoder for å bekjempe motstanderen. Innenfor disse rammene finnes det et visst spillerom.

Det finnes eksempler på andre tvekamper som ikke har disse kjennetegn. Det er tvekamper som kjempes ut fra helt forskjellige regler, midler og metoder. Det klassiske eksempel er tvekampen mellom kjempen Goliat og David fra Bibelen i 1. Samuels bok, kapittel 17 (angitt i tekstboksen). Goliat er en formidabel motstander, utrolig godt pansret og nærmest usårbar i nærkamp. Pansringen gjør ham imidlertid lite mobil, og hans fryktinngytende våpen har en begrenset rekkevidde. Det kan David utnytte: Han holder seg utenfor den dødelige sonen og bruker et våpen som kan nå motstanderen og ødelegge hans kommando og kontrollsentral (steinen slynges inn i Goliats hjerne). Dermed avgjøres kampen. Her gjelder ingen felles regler, og fordi Goliat klart representerer 'stormakten', vil det være ensbetydende med selvmord for David å kjempe på Goliats premisser."

David og Goliat metaforen er kanskje noko misvisande sidan tvekampen eller duellen nettopp er den symmetriske konflikten i stilisert form på linje med boksekampen eller brytekamp. Asymmetrien er avgrensa til ulikskapen i styrke, og av dette følgjer deira val av våpen, men ingen av dei bryt dei fastlagde spelereglane for duellen. (David kunne f eks rømme frå duellen og stikke ned Goliat i ei mørk bakgate.)

Doktrine-dokumentet skisserer vidare situasjonar og verkemiddel som kan seiast å vere asymmetriske. Omgrepet asymmetriske verkemiddel blir definert som "å møte en motstander med andre midler enn dem han selv benytter" og blir illustrert blant anna med døme knytt til tryggingpolitiske kriser og krisehandtering. Til skilnad frå den tryggingpolitiske bruken av omgrepet blir asymmetriske verkemiddel også beskrive som noko "vi" kan nytte andsynes ein motpart i ein tryggingpolitisk krisesituasjon for å overraske eller motstå "sjokktaktikken" til ein motstandar.³⁹

³⁷ Forsvarets fellesoperative doktrine, Del A – "Grunnlag", s. 27.

³⁸ Ibid, s. 61.

³⁹ Ibid, s. 56.

Utover krisehandteringsscenariet viser doktrine-dokumentet til fleire andre scenario der asymmetri-omgrepet får relevans. Internasjonale fredsoperasjonar ('Peace Support Operations' / PSOs) blir framheva som ein arena der "[m]uligheten for å bli innblandet i en asymmetrisk konflikt er stor."⁴⁰ Her framhevar ein organisatorisk asymmetri som den største utfordringa:

Asymmetrien kan ha mange former, hvorav den mest problematiske vil være en organisatorisk asymmetri, i verste fall at partenes organisasjon går i oppløsning, og at en dermed ikke har klare strukturer å forholde seg til og påvirke.⁴¹

Asymmetri-omgrepet vert óg nytta i samband med landoperasjonar, men her som eit mogleg våpen for våre styrkar. Scenaria som ligg til grunn for denne tankegangen er eit avgrensa eller strategisk overfall frå ein militært overlegen nabostat. I tillegg til landstyrkane sine hovudoppgaver, som er "objektsikring, sikring av kommunikasjonslinjer og territoriell overvåkning," skal

... de territoriale styrkene utvikles slik at de kan yte *asymmetrisk motstand* [vår utheving] mot et eventuelt anfall mot norsk territorium (jf pkt 2.10.4). Dette kan f.eks. være ulike former for 'ukonvensjonell' motstand på okkupert territorium og/eller støtte til det sivile samfunn for å skjerme og opprettholde prioriterte samfunnsoppgaver.⁴²

Første dømet kan synast å vere synonymt med klassisk geriljatakikk. Men det er uklart i kva grad militær støtte til det sivile samfunnet er eit asymmetrisk verkemiddel, ut frå definisjonen "å møte en motstander med andre midler enn dem han selv benytter".

Også i delen om teknologi i Doktrine-dokumentet er asymmetri-omgrepet brukt, og her understrekar ein også behovet for å utvikle og gjere bruk av "asymmetriske taktikkar" til eigen fordel. Her er "asymmetrisk" synonymt med "uforutsigbar" og "alternativ".⁴³ Teknologi-kapitlet understrekar spesielt at Norges "underlegne posisjon" inneber at Forsvaret må kunne drive ein type asymmetrisk krigføring i innleiande fasar av ein konflikt:

Som nevnt innledningsvis under teknologi ligger det også i manøverteorien krav om å tenke ukonvensjonelt når vi er i en underlegen posisjon. Det vil si at Norge i forbindelse med en forsvarskamp også må ha en struktur som gjør det mulig å kjempe asymmetrisk i en innledende fase, hvor det kan være viktig å skjerme de mest verdifulle eller høyteknologiske styrkekomponentene til de kan inngå i allierte styrkegrupper.⁴⁴

Her synest dokumentet å antyde at asymmetrisk krigføring i første rekkje er eit spørsmål om val av stridstaktikk. Asymmetri er likevel i stor grad eit relasjonelt omgrep som definerer tilhøvet mellom to partar. I kva grad kampen blir symmetrisk eller asymmetrisk er derfor ikkje eit spørsmål om eigne val, men er allereie definert gjennom partane sin status, styrkar og pålagde restriksjonar.

Som det går fram av analysen så langt, har Forsvarets fellesoperative doktrine gått langt i å forsøkje å integrere omgrepet og tenkinga omkring asymmetri i sitt doktrinegrunnlag. Til skilnad frå Langtidsmeldinga og Stortingsmelding nr 38 ser ikkje Forsvarets fellesoperative doktrine asymmetriske trugsmaal i første rekkje i samband med terrorisme og bruk av MØV,

⁴⁰ Ibid, s. 82.

⁴¹ Ibid.

⁴² Ibid.

⁴³ Ibid, s. 134.

⁴⁴ Ibid, s. 136.

eller med informasjonskrigføring mot sårbare datasystem. I staden blir asymmetri-omgrepet utvida til ikkje berre å representere ein type tryggingspolitisk trugsmål, men i større grad ein tryggingspolitisk og militærteoretisk tenkjemåte, eit karakteristisk trekk ved mange motpartar i internasjonale fredsoperasjonar, og ikkje minst eit styrande prinsipp for landstridsoperasjonane våre.

Det går tydeleg fram at ei rekkje ulike og til dels motstridande oppfatningar om asymmetri og asymmetriske trugsmål og krigføring har avspegla seg i tre av Forsvarets mest sentrale grunnlagsdokument. Gapet mellom den tryggingspolitiske og militærteoretiske forståinga av asymmetri-omgrepet er likevel det mest iaugnefallande. Til dels avspeglar dette det tryggingspolitiske fokuset på asymmetriske *trugsmål* på den eine sida og den militærteoretiske vektlegginga av karakteristiske trekk ved asymmetrisk *krigføring* på den andre. Men dette forklarar berre delvis den motstridande bruken av asymmetri-omgrepet.

Faren ved begeistringa for asymmetri-omgrepet er at det får for mange tydingar. Ikkje berre misser omgrepet sin analytiske verdi, men det fører til forvirring om grunnleggjande trekk ved det strategiske trusselbiletet og om forståinga av operasjonskonseptet for landstridskreftene våre. Dersom ein framleis vel å nytte omgrepet, *bør ein difor leggje vekt på å finne fram til ei felles militærteoretisk og tryggingspolitisk forståing av det*, slik at våre framtidige forsvarspolitiske og militærteoretiske dokument avspeglar den same grunnforståinga.

2.4 To nordiske bidrag om asymmetri

Nordisk militærteoretisk og tryggingspolitisk litteratur inneheld etter kvart ei rekkje bidrag der asymmetri-omgrepet blir diskutert. Eit av desse er artikkelen “Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden” av Inge Tjøstheim ved Forsvarets Stabsskole.⁴⁵ Det er særleg endringa i bruken av militærmakt som står i fokus i artikkelen. Det som sidan Napoleons dagar og fram til vår eiga tid har vore den dominerande forståinga av krig – ”det napoleonske militærparadigme” – kan ikkje lenger nyttast til å gje eit sannsynleg bilete av framtidens konflikhtar og måtar å føre væpna kamp på; til det har politiske, økonomiske og teknologiske rammevilkår endra seg for mykje. Tjøstheim hevdar at framtidens krig ikkje lenger vil vere eit relativt ordna oppgjer mellom statar eller alliansar av statar med gjensidig aksepterte middel og metodar. Asymmetri-omgrepet blir framheva som ein reiskap til å forstå militærmakt i framtidens konflikhtar.

Tjøstheim omtalar i hovudsak to former for asymmetri. *Teknologisk asymmetri* inneber at dei stridande partane ikkje er på same nivå når det gjeld den militære teknologien dei disponerer. Denne forma for asymmetri er den lettaste å takle, både for militære, politikarar og andre — om dei stridande partane berre er ulike med omsyn til kor avanserte våpen dei har, vil den teknologisk dominerande sigre. Men Tjøstheim meiner ein knapt kjem til å oppleve konflikhtar der asymmetrien mellom partane er reint teknologisk. Langt tydelegare og kan hende meir avgjerande vil den *epistemologiske asymmetrien* vere – “det at konfliktens parter organiserer og bruker militære eller paramilitære styrker på en annen, eller for oss ‘ukonvensjonell’, og mer

⁴⁵ Inge Tjøstheim, “Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden,” i A. Kjølberg & B. Bull (red), *Sikkerhetspolitisk tenkning i en ny tid*, Europa-programmet, Oslo 1998.

ugjennomskuelig måte.”⁴⁶ Framtidas krigar vil vere kjenneteikna av ulike former for asymmetri, og dei vil variere så mykje at det vil vere umogleg å lage ein preskriptiv doktrine for å handtere dei.⁴⁷

I Tjøstheim sin artikkel framstår symmetri/asymmetri-dimensjonen som eit av dei mest sentrale aspekta ved intrastatlege konflikhtar.⁴⁸ Omgrepsparet illustrerer særleg godt forholdet mellom dei stridande partane — regimet og opprørsgeriljaen — når det gjeld *grad av engasjement*, *grad av organisering* og *grad av status*. Dette er i og for seg ikkje noko nytt. Konflikttoretikaren William Zartmann har blant anna peika på at borgarkrigar og intrastatlege konflikhtar er særskild uhandterlege om ein samanliknar med mellomstatlege konflikhtar. Zartmann seier om dei siste at “internal conflicts are marked by asymmetry”. Den eine parten (regimet) er militært sterk, mens den andre (opprørsgeriljaen) er svak. Denne ubalansen mellom partane er ofte sett på som ufordelaktig for forhandlingar mot ei fredsløysing, blant anna fordi

... the parties to internal conflicts seldom, if ever, reach a stage of *mutually hurting stalemate* at which both sides are locked in a situation from which they cannot escape with available means and at an acceptable cost.⁴⁹

Vektlegginga av dei ikkje-teknologiske faktorane i asymmetri-omgrepet står også sentralt i Jan Foghelins artikkel “Konflikters former, aktørers medel och betvingelsesmetoder.”⁵⁰ Han tenkjer høgt om framtidas konflikhtar og freistar å dissekere asymmetri-omgrepet gjennom ein diskusjon om i alt 17 teser med for- og motargument. Ein av tesane om framtidas konflikhtar er at “konflikter i framtiden kommer ofta att vara asymmetriska”.⁵¹ Foghelin grunnjev dette med at dei stridande partane har sær ulike føresetnader for å føre krig, og at dei difor vel eller føler seg tvungne til å velje ulike måtar å gjere det på. Foghelin trekkjer fram nokre hovudkategoriar der ulike eigenskapar, haldningar og val resulterer i asymmetri:

type aktør – statleg eller ikkje-statleg aktør;

middel – diplomati, økonomisk press, militære middel (konvensjonelle stidsmiddel, MØV, IT, mm);

syn på tap – kva vil befolkninga godta?

⁴⁶ Inge Tjøstheim, “Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden”, s. 77. ‘Epistemologi’ er eit anna ord for ‘erkjennelsesteori’ — i filosofien betegnelse for læren om vår erkjennelses natur, dens forutsetninger og grunnlag, og om vår kunnskaps opprinnelse, mulighet, omfang og gyldighet.” — *Store Norske leksikon*, Oslo: Kunnskapsforlaget 1996 (3. utgåve).

⁴⁷ Tjøstheim skriv at “militære og sivile planleggere på strategisk og operativt nivå i fremtiden vil kunne – dersom vi skal delta i multinasjonale militære operasjoner – stå overfor ‘kriger’ som er av helt forskjellig natur og følgelig krever forskjellige strategiske og operative doktriner som grunnlag for at vi skal kunne ‘seire’ eller håndtere dem med suksess.” – Inge Tjøstheim, “Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden,” s. 90.

⁴⁸ Inge Tjøstheim, “Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden,” s. 104.

⁴⁹ Frå William Zartman, “Dynamics and Constraints in Negotiations in Internal Conflicts,” i William Zartman (red), *Elusive Peace: Negotiating an End to Civil Wars*, Brookings: Washington DC 1995; sitert i A S Hansen, B Lia, M Taylor & R Hooper, *A Research Guide to Implementing Peace: International Assistance in the Implementation of Peace Agreements*, FFI/RAPPORT-97/02820.

⁵⁰ Foghelin er avdelingssjef ved Försvarsanalys ved Försvarets Forskningsanstalt (FOA) i Sverige og var sekretær for den svenske forsvarskomiteén 1998-99. Jan Foghelin, “Konflikters former, aktørers medel och betvingelsesmetoder”, i Gullow Gjeseth (red), *Krig i det 21. århundre*, Europa-programmet, Oslo 2000.

⁵¹ Jan Foghelin, “Konflikters former, aktørers medel och betvingelsesmetoder”, s.56.

krigens utstrekning i tid;

etiske standardar i krig – Kva er krigsbrottsverk? Kva er legitime mål?

operative mål for stridsaktiviteten – motstandaren sine militære einingar og infrastruktur, eller heile samfunnet;

måtar å drive operasjonen på – konvensjonelle militære operasjonar, gerilja, terrorisme;

type stridande – regulær soldat eller væpna sivile.⁵²

Kategoriane inneheld element ein kjenner att frå intrastatlege konflikhtar, der ein regjeringshær slåss mot ei opprørsrørsle, og internasjonale fredsopprettande operasjonar, der deltakarnasjonane i den internasjonale styrken ynskjer at *krigen gjerne skal vere høgteknologisk, men utan at masseøydeleggingsvåpen blir nytta, at krigen skal drivast gjennom konvensjonelle operasjonar med klare, identifiserbare mål, at krigen skal vere kort, og kanskje viktigast – at det vert låge tap av menneskeliv, først og fremst eigne menneskeliv.*

Tesen om at asymmetriske krigar er framtidens krigar er ikkje uomstridd, noko Foghelin er den først til å peike på. Aukande fleksibilitet og tilpassing av militære styrkar til lågintensitetskonflikhtar og dei spesielle utfordringane som tvangsoperasjonar og fredsopprettande operasjonar representerer kan gjere krigføringa meir symmetrisk. Verdien av normer, legitimitet og støtte frå det internasjonale samfunnet vil auke og dermed heve terskelen for bruk av “uetiske” metodar i krigføringa. Og moderne eletronisk etterretning og evne til svært målretta presisjonsbombing gjer det dramatisk mykje enklare å ramme tyngdepunktet til ein motpart trass i bruk av menneskelege skjold, og trass i at motstandaren er ein ikkje-statleg aktør utan særleg identifiserbar infrastruktur.

3 ASYMMETRI-OMGREPET I AMERIKANSK TRYGGINGSPOLITISK OG MILITÆRTEORETISK LITTERATUR

Asymmetri-omgrepet står sentralt i fleire av dei mest sentrale forsvarspolitiske grunnlagsdokumenta for det amerikanske forsvaret. Bruken av asymmetri-omgrepet i desse dokumenta og meir generelt i den amerikanske forsvarspolitiske debatten har auka dramatisk dei seinare åra. Som Steven Metz ved US Army War College i Pennsylvania skriv i ein nyleg utkomen monografi, “[a]symmetry has become a central concept in official American thinking about future warfare.”⁵³ Berre det siste året har det oppstått ei rekkje nye amerikanske Internett-sider der debatten om asymmetri er livleg, og asymmetri-konseptet synest å ha etablert seg ved sida av andre sentrale moteord, som *Revolution in Military Affairs* (RMA) og *information warfare* (IW).⁵⁴ Det amerikanske fokuset på asymmetrisk krigføring syner perspektivet til ei supermakt med eit globalt militært engasjement og ei underliggjande frykt for

⁵² Jan Foghelin, “Konflikters former, aktørers medel och betvingelsesmetoder”, s.56.

⁵³ Steven Metz, *Armed Conflict in the 21st Century: The Information Revolution and Post-Modern Warfare*, US Army War College, Institute for Strategic Studies, Pennsylvania 2000; s. xi.

⁵⁴ Sjå til dømes <http://www.comw.org/rma/fulltext/asymmetric.html>.

nye trugsmål som kan svekke USAs hegemoni, spesielt evna til global militær maktprojeksjon.

3.1 'Asymmetric threats' i amerikanske forsvarspolitiske dokument

Pentagon utarbeider kvart fjerde år ei vurdering – *The Quadrennial Defense Review (QDR)* – om korleis strukturen i det amerikanske forsvaret bør vere i lys av den tryggingpolitiske situasjonen. Asymmetriske trugsmål er eit sentralt element i det nye tryggingpolitiske biletet. I *Report of the Quadrennial Defense Review* frå mai 1997 blir det mellom anna framheva at ein framtidig motstandar vil kunne:

employ asymmetric methods to delay or deny US access to critical facilities; disrupt our command, control, communication, and intelligence networks; or inflict higher than expected casualties in an attempt to weaken our national resolve.⁵⁵

Som motekspertise til *QDR* og Pentagons vurderingar oppnemnde Kongressen ein eigen kommisjon – *The National Defense Panel*. I kommentaren til *QDR* sa analytikarane i kommisjonen seg samde i mange av funna i rapporten frå Pentagon, mellom anna når det gjaldt framtidens motstandarar, som ifølgje kommisjonen

will seek to disable the underlying structures that enable our military operations. Forward bases and forward deployed forces will likely be challenged and coalition partners coerced. Critical nodes that enable communications, transportation, deployment, and other means of power projection will be vulnerable.⁵⁶

Asymmetriske trugsmål stod òg sentralt i den amerikanske forsvarstudien *Joint Vision 2010*, som blant anna fokuserer på langsiktige utfordringar for det amerikanske forsvaret. I studien vart det hevda at

... our most vexing future adversary may be one who can use technology to make rapid improvements in its military capabilities that provide asymmetrical counters to U.S. military strengths, including information technologies.⁵⁷

I det nyaste *Joint Vision 2020*-dokumentet har asymmetri-perspektivet fått ein endå meir framtrødande plass. I innleiingskapitlet om den strategiske konteksten som Dei amerikanske væpna styrkane vil måtte møte i framtida, står "asymmetrical approaches" sentralt. Slike asymmetriske tilnærmingar handlar om utvikling av metodar og strategiar som unngår USAs militære styrke og utnyttar dets veikskapar med det for auge å "effektivt forseinke, avskrekke, eller motverke bruken av USA sine militære kapasitetar."⁵⁸ Her blir det igjen understreka at "potensialet for slike asymmetriske tilnærmingar er kan hende den mest alvorlege faren som USA står overfor i den næraste framtida."⁵⁹

I desse utsegnene framstår asymmetri-omgrepet langt meir snevert og spesifikt definert enn det vi tidlegare har sett i norske forsvarspolitiske dokument. Fokuset er her konsentrert om trugsmål mot USA si globale militære maktprojeksjonsevne. *Asymmetrisk krigføring blir i hovudsak forstått som ulike typar nektingsoperasjonar retta mot USAs globale militære engasjement,*

⁵⁵ US Department of Defense, *Report of the Quadrennial Defense Review*, May 1997.

⁵⁶ National Defense Panel, "Transforming Defense: National Security in the 21st Century", *Joint Force Quarterly*, sommar 1997.

⁵⁷ US Department of Defense, Joint Chief of Staff, *Joint Vision 2010*, Washington DC 1997.

⁵⁸ US Department of Defense, Joint Chief of Staff, *Joint Vision 2020*, Washington DC 2000.

⁵⁹ US Department of Defense, Joint Chief of Staff, *Joint Vision 2020*, Washington DC 2000.

blant anna strategiar for å seinke eller hindre USAs tilgang til kritiske fasilitetar.

3.2 RAND Corporation om asymmetriske strategiar

Mykje av tenkinga rundt asymmetri slik omgrepet har nedfelt seg i QDR, stammar frå RAND Corporation. Som ein sentral *think-tank* for Pentagon har RAND i lengre tid arbeidd med å utvikle asymmetri-konseptet. *What Are Asymmetric Threats* av Bennett et al er ei forkorta (og ugradert!) versjon av RAND Corporation sitt arbeid om asymmetriske strategiar til støtte for QDR 1997.⁶⁰ Dokumentet tek mål av seg til å karakterisere dei 'asymmetriske trugsmåla' som USA står overfor. Bennet et al grunnir asymmetri-fokuset med at framtidige motstandarar vil måtte nytte asymmetriske strategiar fordi "emulating U.S. military force structure and its related strategy is too expensive for other countries, forcing prospective adversaries to pursue different approaches to confrontation."⁶¹ Denne typen strategiar vil rette seg mot "U.S. vulnerabilities rather than directly attacking U.S. strengths."⁶² Vektlegginga av "vulnerabilities" står sentralt i dokumentet og blir gjort til ein viktig del av definisjonen på asymmetriske strategiar:

... strategiar som rettar seg først og fremst mot USA sårbarheiter ("vulnerabilities"), og som nyttar strategiar som er ulike frå USA sine standardstrategiar.⁶³

Bennet et al skriv at asymmetriske strategiar ikkje er noko konseptuelt nytt. Men i praksis har dei likevel vorte farlegare for USA, mellom anna på grunn av spreinga av B/C-våpen og kortdistansemissil. Desse representerer nye taktiske tvangsmiddel som kan vere effektive jamvel for fattige motstandarar. RAND-dokumentet framhevar også terrorisme som eit asymmetrisk trugsmål, i tillegg til informasjonstrusselen.

RAND sin definisjon av asymmetriske strategiar omfattar også eksplisitt 'det ukjende' som ein integrert del av definisjonen, med alle dei problema det medfører. I dokumentet vert det hevda at "USA and its military leaders in particular fail to fully appreciate these challenges," og grunnen til dette ligg så å seie i asymmetriens natur: "Most unappreciated threats are asymmetric in nature. Indeed, the asymmetric character of such threats contributes to their not being appreciated."⁶⁴ *Ein ukjend strategi som våre styrkar ikkje er førebudde på*, blir her ein integrert del av asymmetri-omgrepet. Asymmetriske strategiar er asymmetriske fordi vi ikkje kjenner denne typen strategiar og dermed ikkje har høve til å førebu ein motstrategi. Det er kan hende på dette punktet at kritikken mot asymmetri-omgrepet burde vere størst. Ved å skissere ein definisjon som omfattar alle former for ukjende strategiar retta mot alle tenkjelege sårbare mål, blir all påfølgjande analyse i prinsippet meningslaus. I Rand-dokumentet vert det også vedgått at dette er problematisk.⁶⁵ Altomfattande definisjonar er eit gjennomgangstrekk i den meir militærteoretiske litteraturen om asymmetri.⁶⁶

⁶⁰ Bruce W Bennett, Christopher T Twomey & Gregory F Treverton, *What Are Asymmetric Strategies*, documented briefing, Washington and Santa Monica: RAND Corporations 1999.

⁶¹ B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.iii.

⁶² B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.1.

⁶³ B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.1.

⁶⁴ B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.2.

⁶⁵ B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.7.

⁶⁶ Allan Roberts definerer 'asymmetrisk krigføring' slik at det omfattar alt – strategi, taktikk, våpen, personell – som nektar den eine eller andre part å utnytte sine fordelar på slagmarken. Kva verkemiddel ser ein då for seg i asymmetrisk krigføring? Heile spekteret frå strategiske til taktiske våpen, frå lågteknologiske våpen og til ballistiske missiler og masseøydeleggingsvåpen. Andre døme Allen nemner er menneskelege skjold for å verne sine stridande avdelingar og våpen; strid i by der tapstala er høge og konvesjonelle militærstyrkar er upraktiske. Sjå

Når ein i RAND-dokumentet likevel ikkje kapitulere overfor uvissa, men går vidare i analysen av asymmetriske strategiar, er det fordi det vert knytt ei rekkje spesifikke utfordringar til asymmetri-omgrepet, først og fremst relatert til oppfatningane av USA sine mest sårbare punkt i ein militær operasjon. Dei døme som RAND viser til, er ikkje overraskande henta frå Irak og Nord-Korea og gjeld deira våpenarsenal og strategiar, spesielt kjemiske og biologiske våpen. Det er desse to regionane som figurerer i illustrasjonar på asymmetriske strategiar som USA kan møte.⁶⁷

Det vert vidare argumentert for at asymmetriske strategiar kan vise seg å vere effektive mot USA fordi amerikanarane i dag vanlegvis støtter ikkje-vitale interesser ("less than vital interests") i militæraksjonane sine. Då er det venteleg lettare for ein militært underlegen motstandar å svekkje eller knekkje viljen deira gjennom til dømes terrorangrep enn det ville ha vore om det dreide seg om ein regional storkonflikt.⁶⁸

RAND-dokumentet ser for seg at asymmetriske utfordringar først og fremst vil kome i den tidlege fasen i ein konflikt. Målet vil vere å hindre USAs strategiimplementering og intervensjon i konflikten og styrkedeployering til konfliktområdet. Døme på dette kan vere forsøk på å hindre at USA får tilgjenge til basar og militære fasilitetar i området ved mangel på hamnepersonnel, B/C-åtak eller trugsmål om B/C-åtak mot vertslandet sine hamnar og militærbasar, etc. RAND-dokumentet framhevar nokre særskilde våpensystem som gjennomgåande blir sett på som sentrale delar av ein motstandar sine asymmetriske strategiar. Det er kjemiske og biologiske våpen, kortdistansmissil, ("theater missiles"), spesialstyrkar, terrorisme, avanserte bakke-til-luft missil, djupvassminer, dieselubåtar og informasjonskrigføring. Det er ikkje alltid klart kvifor bruk av desse våpensystema nødvendigvis representerer asymmetriske strategiar. Her synest asymmetri-omgrepet å ha blitt synonymt med alle tenkjelege våpensystem som USA ikkje fullt ut har effektivt forsvar mot.

Som mottiltak mot asymmetriske strategiar tilrår RAND å forbetra etterretninga slik at ein raskare kan identifisere nye asymmetriske strategiar. Dernest bør ein freiste å redusere sårbarheitene i dei væpna styrkane ved til dømes å auke beredskapen i styrkevernet ("force protection") når det gjeld B/C-trugsmålet. Styrkar deployerte ute må vere "fulldimensjonalt beskytta styrkar".⁶⁹ Ein bør elles begrense USAs militære engasjement til det som gjeld vitale amerikanske interesser.

Jamvel om RAND-dokumentet viser til at "adversaries do need to worry that attacks on the

Robert H. Allen, "Asymmetric Warfare: Is the Army Ready?"; <http://www-tradoc.monroe.army.mil.dcsint/warfare.htm>.

⁶⁷ Nord-Korea scenariet er sentralt: "Spesielt Nord-Korea, den planlagde USA/allierte motoffensiven [mot ein nordkoreansk offensiv på den koreanske halvøya] vil truge eksistensen til det nord-koreanske regimet og kan medføre at Nord-Korea trugar med eller tyr til det verste våpenet tilgjengeleg (f eks biologiske våpen)" – B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.6.

⁶⁸ "Indeed, when US interests are limited, an adversary threat need impose only a modest cost to defeat US will (as in Beirut and Mogadishu), opening a wider diversity of strategies to an adversary." – B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s.3.

⁶⁹ RAND tilrår f eks at "forward deployed forces should be supported by CBW protection, missile defenses, capable security forces that cover the base area and well beyond, and so forth." – B W Bennett et al, *What Are Asymmetric Strategies*, s. 12.

United States could backfire and lead to serious U.S. escalation,” synest det kanskje som om ein overvurderer effektiviteten til asymmetriske strategiar og undervurderer vanskanane som ressursfattige motstandarar vil ha med å kunne nyttiggjere seg dei asymmetriske strategiane som paperet skisserer.

3.3 Andre tryggingpolitiske og militærteoretiske bidrag

RAND-dokumentet reflekterer tenking om asymmetri-omgrepet slik det har nedfelt seg i amerikansk militær strategi på 1990-talet. Det finst etter kvart ei lang rekkje publiserte bidrag som avspeglar debatten om asymmetriske utfordringar i USA og NATO, men som ikkje på same måte har påverka utforminga av offisielle amerikanske forsvarspolitiske dokument. Trass i at asymmetri-omgrepet ikkje har funne ei avklart og etablert grunntydning, har bruken av det spreidd seg til stadig fleire sentrale tidsskrift. Mange av innlegga reflekterer til dels bransjeinteresser og understrekar nokre utfordringar som meir potente asymmetriske trugsmål enn andre. Eit av dei nyaste bidraga er artikkelen “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One”, skriven av bl a Kevin O Brian ved International Centre for Security Analysis (ICSA) i Storbritannia. Artikkelen vart publisert i det relativt prestisjetunge tidsskriftet *JANE's Intelligence Review* i oktober i år og reflekterer den stadig aukande interessa for ikkje-konvensjonelle lågintensitetsutfordringar.⁷⁰ Artikkelforfattarane O'Brian og Nusbaum opererer som mange andre med eit relativt inflatert asymmetri-omgrep. 'Asymmetriske trugsmål' vert definert som “those threats that have gained prevalence since 1990 and present non-traditional [...] threat postures to Western governments and their defence and national security communities”.⁷¹ Asymmetriske trugsmål er med andre ord alle nye trugsmål. Ei noko skarpere avgrensing kjem seinare i artikkelen, der 'asymmetrisk krigføring' blir sagt å fokusere på den eine parten sine komparative føremoner mot ein motstandar sine relative veikskapar. Det vert peika på at asymmetriske åtak utnyttar sårbare punkt, og dei manifesterer seg på fleire måtar. Døma er mange, men det er noko vanskeleg for lesaren å sjå kva fellesnemnaren for desse høgst ulike trugsmåla er. Sekkeomgrepet er vel den mest treffande karakteristikken:

Threats deriving from terrorist activity, complex emergencies and peace support operations, economic disruption, civil disobedience and organised crime, all represent asymmetric approach to confronting a more powerful opponent.⁷²

Men O'Brian og Nusbaum meiner likevel at

... the real core of the asymmetric warfare threat involves the spread of inexpensive delivery systems, particularly ballistic missiles, and the spread of weapons of mass destruction (WMD) or disruption. This includes cyber or information warfare (IW) capabilities.⁷³

Terrorisme — både konvensjonell terrorisme og MØV-terrorisme — figurerer likevel oftast når det asymmetriske trugsmålet skal spesifiserast. Artikkelen søker å etablere eit bilete av asymmetriske trugsmål som ein integrert del av “det nye trusselmiljøet”, som er prega av ein auke i lågintensitetskonfliktar.⁷⁴ (Dette er ein påstand som for så vidt var korrekt for Europas

⁷⁰ Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One,” *JANE's Intelligence Review* oktober 2000, s.50-54.

⁷¹ Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One,” *JANE's Intelligence Review* oktober 2000, s.50

⁷² Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One,” s.51.

⁷³ Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One,” s.51

⁷⁴ Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, “Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One,” s.50.

nærrområde i første halvdel av 1990-talet, men som knapt nok har vore gyldig i ein større historisk og global kontekst.⁷⁵)

3.3.1 Ny teknologi, nye asymmetriske trugsmaal?

O'Brian og Nusbaum er tydelegvis tilhengjarar av 'Empowered Small Agent'-skulen, som hevdar at teknologiutviklinga er med på å styrke mindre ressurssterke aktørar på kostnad av nasjonalstaten og konvensjonell militærmakt. 'Asymmetriske aktørar' har tilgang til ei langt større breidde av våpen og verkemiddel mot motstandarane sine enn før pga ein auke i flyten av personar, kapital og informasjon over landegrensene, spreining av sensitiv teknologi og sårbarheita til den moderne informasjonsteknologien som moderne vestlege våpensystem er avhengige av. Denne dimensjonen av asymmetri-omgrepet finn vi òg i definisjonen til *Defense Advanced Research Projects Agency* (DARPA), som ser *styrkemultiplikator-elementet* som det mest sentrale i asymmetrisk krigføring:

... warfare activities with fewer and less-easily specified objectives, [usually involving] smaller numbers of actors and/or force-participants, using unconventional tactics that often have high impact (political or material) relative to the force level involved.⁷⁶

Denne tesen er likevel ikkje stort meir enn eit postulat og slettes ikkje eit vitskapleg funn.⁷⁷ Forskaren Martin Libicki diskuterer problemstillinga noko meir inngåande i ein artikkel med tittelen "Rethinking War: The Mouse's New Roar?".⁷⁸ Libicki kritiserer argumentet om at MØV og langdistanseraketar vil gjere ei stormakt i den tredje verda i stand til å skape balanse i styrketilhøvet til amerikanarane og deira vestlege allierte. Han tvilar på effektiviteten til kjemiske og særleg biologiske våpen som maktprosjeksjonsmiddel og spør om B- og C-våpen verkeleg kvalifiserer til å verte kalla 'weapons of mass destruction'.⁷⁹ Libicki stiller seg også kritisk til i kva grad dei andre asymmetriske verkemidla er særleg effektive, først og fremst informasjonsvåpenet. Kva informasjonsrevolusjonen vil ha å seie for tilhøvet mellom USA som global supermakt på den eine sida og mindre ikkje-stormakter på den andre ligg heller i at USA sine potensielle motstandarar vil kunne utnytte einskilde trekk i informasjonsutviklinga på meir subtile måtar enn som fysiske eller logiske våpen. Mindre statar har større høve enn tidlegare til å nytte dei stendig veksande globale massemedia til å fremje si sak ved å appellere til

⁷⁵ William R Ayres har i ein nyleg utkomen studie vist at 1990-talet i ein historisk kontekst ikkje er prega av ein dramatisk bølge av nye intrastatlege konflikter, trass i ein geografisk auke i Europas nærrområde (Balkan og det tidlegare Sovjetunionen). Det mest karakteristiske etter Den kalde krigen er det internasjonale samfunnet si aukande evne til å løyse intrastatlege konflikter. Ayers skriv bl a: "The results on how these conflicts ended (defeat or agreement) suggests that the end of the Cold War, in addition to contributing to some new nationalist conflicts, has brought a wave of peacemaking by negotiations rather than military defeat. [...] While 22 conflicts episodes began from 1985 to 1996, 25 episodes ended during the same period. Indeed one may refer to a 'new era of nationalist peace' in the aftermath of the Cold War' rather than talking about a new era of 'unleashing' nationalist conflict. [...] Many such conflicts do get resolved, and more have been resolved in the past ten years — particularly by peaceful methods — than in any comparable period in recent history." (s. 105, 113 abstract) Sjå William R. Ayres, "A World Flying Apart? Violent Nationalist Conflict and the End of the Cold War", *Journal of Peace Research* 37 (1) 2000, ss. 105-117.

⁷⁶ Sitert frå Kevin O'Brian & Joseph Nusbaum, "Intelligence Gathering on Asymmetric Threats – Part One," s.51.

⁷⁷ Sjå vår diskusjon i B Lia & A S Hansen, *Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions*, FFI-REPORT 2000/01704, ss. 89-99.

⁷⁸ Martin Libicki, "Rethinking War: The Mouse's New Roar?", *Foreign Policy* vinter 1999-2000, s. 10-43.

⁷⁹ Å lage giftige gassar er ikkje vanskeleg, men å utnytte dei målretta i effektive og kontrollerbare våpen er noko heilt anna. Sjølv den svært ressurssterke japanske dommedagssekta *Aum Shinrikyo*, som brukte nervegass i undergrunnen i Tokyo i 1995, lukkast ikkje med å konstruere eit effektivt våpen. Ifølgje Martin Libicki har ingen enno klart å drepe nokon med biologiske middel ført til målet i spissen av eit missil. - Martin Libicki, "Rethinking War: The Mouse's New Roar?"

verdsopinionen og forsøkje å mobilisere den amerikanske opinionen mot USA si krigføring. Mindre land vil kunne nytte ny militær teknologi til å forverre oddsa for at ei angripande makt skal lukkast sjølv om ho synest overlegen i militær styrke. Dette kan vere med på å gjere internasjonal intervensjon uaktuelt i tilfelle der inngriparen tidlegare ikkje ville ha tvilt på at bruk av makt ville ha betalt seg.

I motsetning til teknologikritikarane avviser ikkje Libicki dei moglegheitene teknologiske nyvinningar byr på for mindre aktørar i ein konflikt med det overmektige USA. Eit grunnleggjande trekk i teknologiutviklinga sidan 1970-talet er skiftet frå gigantomani til mikrostrukturar, med eit tilsvarande fall i prisnivå og restriksjon på spreiding:

With small size and low costs come replicability and diffusion, rather than uniqueness and concentration. [...] Whereas miniaturization has made technology more accessible, globalization has been the engine driving its diffusion. [...] During the cold war, the United States declassified advanced technologies slowly and restricted sales to an inner circle of allies. Today, the race among nations to secure a niche in lucrative high-tech markets, combined with the collapse of trade barriers worldwide, has made dual-use components such as high speed transmitters and receivers available to all. Existing export controls serve more as bumps than real barriers.⁸⁰

Libicki argumenterer for at små statar har fleire maktmiddel til disposisjon enn tidlegare, og her har globaliseringsprosessen spela ei rolle i å auke evna deira til å "resist efforts at control and incapacitation by an invading superpower."⁸¹

Gapet mellom kva som teoretisk sett er mogleg for ein potensiell motstandar og kva han i praksis viser seg å vere i stand til, vil truleg vere størst i periodar med store teknologiske omveltningar der dei nye perspektiva som teknologien opnar ikkje enno har blitt overskygga eller i alle fall moderert gjennom dei røynslene som ei lengre historie av menneskeleg interaksjon med teknologien produserer. Mest synleg er dette kan hende i den pågåande debatten om informasjonskrig og dataterrorisme ('cyberterrorisme')⁸², der trusselscenaria står i krass kontrast til det faktum at ein framleis ikkje har sett faktiske døme på dataterrorisme.⁸³ Trass i fråvéret av døme på terroraksjonar gjennomførte ved hjelp av informasjonssystem framhevar ein likevel faren for eit nært føreståande "electronic Pearl Harbour" eller "an electronic Waterloo."⁸⁴ Informasjonskrig er blitt eit sentralt tema i asymmetri-debatten, og asymmetri-omgrepet fyller

⁸⁰ Martin Libicki, "Rethinking War: The Mouse's New Roar?", *Foreign Policy* vinter 1999-2000; ss. 31-32.

⁸¹ Martin Libicki, "Rethinking War: The Mouse's New Roar?", s. 37.

⁸² Definisjonane på cyberterrorisme varierer mykje, men for å kunne skilje fenomenet frå cybercrime eller datakriminalitet, må vi i det minste setje som vilkår at "en kalkulert frambringelse av frykt for skade eller død hos en gruppe, frambragt av bruk eller trussel om bruk av vold" inngår i omgrepet. Ein arbeidsdefinisjon brukt av bl a FBI er: "Cyberterrorism is the premeditated, politically motivated attack against information, computer systems, computer programs, and data which results in violence against noncombatant targets by subnational groups or clandestine agents". Sitert i Dorothy Denning, *Information Warfare and Security*, Addison, Wesley: Longman, Inc., ACM Press 1999; s.69.

⁸³ Dorothy Denning og ei rekkje andre har peika på at "a fullblown state-sponsored attack hasn't occurred yet [...] so far terrorists haven't tried hacking as a means to hurt people." Anne Plummer, "Panel: Asymmetrical Attack Threats are Difficult to Assess," *Defense Information and Electronics Report* 17 December 1999; www.infowar.com. Dorothy Denning, *Information Warfare and Security*, Addison, Wesley: Longman, Inc., ACM Press 1999.

⁸⁴ Center for Strategic and International Studies (1998), pp. 51ff. Ein artikkel tidsskriftet i *Counterterrorism and Security Report* gjekk så langt som til å seie at "these new technologies are not hard to come by, [and] could cause something like the extinction of human kind within the next two generations." Sjå *Counterterrorism and Security Reports* 8 (5), s. 12.

nok ein gong funksjonen som eit samleomgrep for uavklarte trugsmål.

Det er likevel ingen tvil om at spreinga av ny informasjonsteknologi til stadig nye samfunnsområde har implikasjonar for krigføring og strategi, og i artikkelen “Military Theory and Information Warfare” søkjer Ryan Henry og C. Edward Peartree å kome med eit korrektiv til det dei meiner er ei rådande men feilaktig oppfatning om den nære samanhengen mellom utvikling i teknologi og måten krig blir ført på.⁸⁵ Henry og Peartree åtvarar mot trua på at teknologiske revolusjonar også vil revolusjonere krigføringa og viser til at dei militærteoretikarane som vektla samtidige teknologiske nyvinningar sjeldan har blitt hugsa som anna enn døme på kor feil ein militærteoretikar kan ta. Henry og Peartree held på at krig i all hovudsak framleis er det same som før, det Carl von Clausevitz beskreiv som “an act of force to compel our enemy to do our will”.⁸⁶ Dei tvilar på argumenta om at informasjonsteknologiske nyvinningar har auka moglegheitene for militært svake statar og ikkje-statlege organisasjonar til å drive effektiv asymmetrisk krigføring mot ein militært overlegen stat. I staden hevdar dei at informasjonsrevolusjonen først og fremst har styrka USA sitt overtak og evne til å oppnå informasjonsdominans på stridsfeltet. Informasjonsrevolusjonen har med andre ord styrka ein teknologisk overlegen stat andsynes ein lågteknologi-stat eller ein lågteknologisk og ressursfattig ikkje-statleg aktør.

3.3.2 Det asymmetriske våpenarsenalet

Eit mykje sitert innlegg i den amerikanske debatten om asymmetrisk krigføring er artikkelen “Asymmetric Warfare” av Dr Jonathan Tucker ved Center for Non-Proliferation, Monterey Institute of International Studies, eit av dei mest kjende amerikanske forskingsinstitutta i spørsmål om masseøydeleggingsvåpen og ikkje-spreiing. Artikkelen diskuterer ulike former for asymmetrisk krigføring og korleis dei kan tenkjast å bli nytta mot USA.⁸⁷ Som mange andre meiner Tucker at USA sin overlegne konvensjonelle militære kapasitet har gjort det meir aktuelt for fiendar å ty til asymmetriske middel.⁸⁸ Tucker skisserer ei rekkje verkemiddel i det han kallar “det asymmetriske arsenalet”, og han peikar ut nokre våpen og metodar som kan vere særleg aktuelle for dei som ynskjer å svekkje USA si militære slagkraft. I prinsippet inkluderer arsenalet både høg- og låg-teknologiske verkemiddel som kan takast i bruk for å redusere effektiviteten til dei avanserte, men òg sårbare amerikanske våpensystema og støttesystema deira:

- *Informasjonsoperasjonar* retta mot kritiske datanettverk og informasjonssystem, blant anna for å lamme kommunikasjon, kraftforsyning og industri, er eit sentralt aspekt ved asymmetrisk krigføring og vert omtala i mykje av den amerikanske og internasjonale litteraturen om temaet.⁸⁹ Det er særleg informasjonsoperasjonar mot *C3I*-system (*command, control, communication(s) & information/intelligence*) ein er oppteken av. Slike operasjonar

⁸⁵ Ryan Henry & C. Edward Peartree, “Military Theory and Information Warfare,” *Parameters* haust 1998.

⁸⁶ Ryan Henry & C. Edward Peartree, “Military Theory and Information Warfare,” s. 9

⁸⁷ J Tucker, “Asymmetric Warfare,” *Forum for Applied Research and Public Policy* sommar 1999.

⁸⁸ “Given U.S. supremacy in conventional forces, few rational opponents would deliberately seek a direct military confrontation with the United States [...] Instead, future adversaries who resort to military force against the United States will probably employ asymmetric, or David-and-Goliath, strategies involving innovative yet affordable weapons and tactics designed to weaken U.S. resolve and its ability to use its superior conventional military capabilities effectively.” Sjå J Tucker, “Asymmetric Warfare,” s. 1.

⁸⁹ Sjå f eks Andrew Rathmell, “Information Warfare and the Asymmetric Threat: An Approach to Early Warning”; <http://www.eufis.be/rathmell.html>.

kan teoretisk sett ha direkte påverknad på den militære slagkrafta. Debatten om asymmetrisk krigføring i USA fekk ekstra næring då det vart kjent at amerikansk etterretning sidan 1997 hadde kjent til korleis den kinesiske hæren *Folkets Frigjeringshær* har simulert dataåtak mot sentrale amerikanske kommando & kontroll-installasjonar, kritisk kommunikasjon, logistiske flaskehalsar, etc. Dette nør opp under frykten for at Kina ville kunne iverksetje eit massivt informasjonsåtak og med det paralysere delar av sivil og militær sektor i USA. Eit slikt åtak ville kunne forseinke troppeforflytting og deployering til grensefarvatna mellom Kina og Taiwan og dermed vanskeleggjere ein rask amerikansk respons på ei krise i regionen.⁹⁰

- *Public relations warfare*. Slik krigføring inneber at ein motstandar vil kunne utnytte nyhendemedia til å påverke opinionen og svekkje viljen hos politikarar og befolkning til å fortsetje ein militær operasjon i eit konfliktområde.
- Asymmetrisk krigføring vert ofte knytt til *masseødeleggingsvåpen*. Her ligg asymmetrien kanskje først og fremst i det Foghelin kallar skilnader i “etiske standardar for krigføringa.” Masseødeleggingsvåpen er våpen som USA og landet sine allierte gjennom internasjonale avtalar har forplikta seg til ikkje å ta i bruk (kjemiske og biologiske våpen), eller berre vil bruke i ekstreme situasjonar, der eigen eksistens blir oppfatta som truga (atomvåpen). Taktisk bruk av B- og C-våpen for å svekkje USA si evna til forflytting og deployering av militære styrkar blir ofte omtalt som typiske døme på asymmetrisk krigføring.
- *Terroråtak*. Slike åtak kan ha som mål å undergrave støtta i opinionen til intervensjonar i utlandet, eller kan hende å avskrekke statar frå å delta i USA-leia koalisjonar. Asymmetrisk krigføring blir eksemplifisert ved åtak som indirekte er meint å svekke den amerikanske nasjons psyke (“our national resolve”). Det dreier seg med andre ord om ein type *psykologisk krigføring*, der målet med åtaka er å påføre USA så store tap av menneskeliv at den amerikanske opinionen vil gå imot eit eller fleire av USAs utanlandske militære engasjement. Åtaka mot USA sine militære basar og personel i Riyad 1995 og Dhahran 1996, mot landet sine ambassadar i Nairobi og Dar al-Salam 1998 og mot mål i sjølve USA (bombeeksplosjonen under World Trade Center i 1993) er ulike døme på aksjonar som kan tolkast som asymmetrisk krigføring i den forstand at dei er retta mot den politiske viljen til å oppretthalde USAs kontroversielle militære engasjement i Midtausten (blokaden og bombetoktene mot Irak, militær stønad til Israel, amerikanske basar i Saudi Arabia).

Det er klart at fleire av desse formene for krigføring går over i kvarandre. Asymmetri-omgrepet her er sentrert om trugsmål som kan tenkjast å avgrense USA sitt utanrikspolitiske handlingsrom når det gjeld å bestemme når, kvar og kor raskt ein skal intervenere militært. Desse trugsmåla kan vere av politisk og militær art og spenner ifrå terrorisme og bruk av MØV til informasjonskrigføring og negativ mediedekning. Det er ikkje overraskande at Tucker, med profesjonell bakgrunn frå Center for Non-proliferation Studies, framhevar MØV som det fremste asymmetriske trugsmålet. Sceneriet han ser for seg er eit lågskalaåtak med MØV, mest sannsynleg utført av terrorgrupper eller statlege kommandostyrkar, retta mot militære eller sivile mål i USA i eit forsøk på å avskrekke eller forhindre amerikansk intervensjon i ein regional konflikt i Persiabukta, på Korea-halvøya eller på Balkan:

⁹⁰ M Buonagurio, “China Focuses on Asymmetric Warfare”, *AntiOnline* 12 mars 1999 (<http://www.AntiOnline.com>) og M Buonagurio, “Chinese Information Warfare Doctrine”, *AntiOnline* 6 mai 1999. Sjå også førstesideoppslaget i *Defence News*: J Sherman, “Report: China Developing Force to Tackle Information Warfare,” *Defence News* 27 november 2000, s.1.

Today, the massive battlefield use of chemical or biological agents is no longer considered the most likely threat, because it could provoke a massive retaliatory strike. A more plausible scenario would involve a series of coordinated, low-level attacks by special-operations forces or terrorists, delivered by covert means against multiple targets at home and abroad.⁹¹

Det mest sannsynlege er, slik Tucker vurderer det, at asymmetrisk taktikk vil verte nytta for å redusere amerikanske styrkar si evne til å intervensere i regionale konflikter raskt og til ein låg pris. For Tucker er det her hovudføremålet med asymmetrisk krigføring ligg, sett i amerikansk perspektiv: "In short, the primary aim of asymmetric warfare is to constrain the ability of the United States to intervene rapidly and at a relatively low cost."⁹²

Tucker meiner at USA er meir utsett enn tidlegare også i ikkje-militære samanhengar. Bak denne vurderinga ligg det ei førestelling om at USA som den einaste attverande supermakta har blitt eit prominent terrormål for sitt globale nærvær, gjentekne intervensjonar i fjerne konflikter og førande rolle i alliansar og fredsbevarande operasjonar:

These activities have incurred the wrath of countries and groups that resent America's power and perceived arrogance, its tendency toward unilateral action, its loyal support of Israel, and the corrosive effect of American popular culture on social and religious values. Thus, terrorist outrages against U.S. targets often represent a lashing-out against America's predominant military, economic, political, and cultural influence.⁹³

Tucker sin argumentasjon er ikkje alltid like overtydande. Ein kan spørje om det eigentleg er klare og gode grunnar til at sivile amerikanarar skal ha vorte meir utsette som terrormål dei siste åra. For det første finn ein det til dømes ikkje klart empirisk uttrykt i form av eit aukande tal på terrorofre. USAs utanrikspolitikk og militære intervensjon må for mange ha vore vel så kontroversiell under Den kalde krigen, då USA støtta ei rekkje brutale høgreorienterte regime rundt om i verda, til dømes Sjahan av Iran og Pinochet i Chile, i tillegg til ei rekkje kontrarevolusjonære antikommunistiske opprørs- og terrorrørsler, som UNITA i Angola og Contras i Nicaragua. Som vi har vist i ein tidlegare studie, er det mykje som tyder på at det var ein klar samanheng mellom intensiteten i den bipolare konfrontasjon under Den kalde krigen og nivået på internasjonal terrorisme. Med bortfallet av Sovjetunionen har internasjonal terrorisme gått mykje ned, både med omsyn til talet på hendingar og dødsoffer.⁹⁴

Det er eit gjennomgangstema i den amerikanske debatten at asymmetrisk krigføring blir assosiert med bruk av masseødeleggingsvåpen og forsøk på å underminere støtta i USAs befolkning til amerikansk maktprojisering og nekte amerikanske styrkar tilgjenge til oversjøiske basar og territorium. I boka *The New Face of War: Weapons of Mass Destruction and the Revitalization of America's Transoceanic Military Strategy* frå 1998 tek Robert Chandler utgangspunkt i dette og argumenterer for at viktige element i rådande amerikanske strategi er forelda fordi dei er baserte på tenking frå Den kalde krigens dagar.⁹⁵ Det er først og fremst det relativt lange tidsrommet for deployering av militære styrkar i kriseområde som er den kritiske

⁹¹ J Tucker, "Asymmetric Warfare," s. 5.

⁹² J Tucker, "Asymmetric Warfare," s. 7.

⁹³ J Tucker, "Asymmetric Warfare," s. 6.

⁹⁴ B Lia & K H-W Skjølberg, *Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism*, FFI-RAPPORT-2000/02769.

⁹⁵ Robert Chandler, *The New Face of War: Weapons of Mass Destruction and the Revitalization of America's Transoceanic Military Strategy*, Virginia: Amcoda Press 1998.

faktoren, og det er der asymmetriske trugsmål får sin største relevans. Slik Chandler ser det, vil dei største militære trugsmåla kome tidleg i konflikten, deriblant bruk av masseøydeleggingsvåpen. Det er på dette innleiande konfliktstadiet at nye tiltak må setjast inn, og Chandler føreslår å opprette det han kallar eit “Global Reconnaissance-Strike Complex”, styrkeeininger som skal vere skreddarsydde for å motverke fienden sine MØV-baserte strategiar i denne innleiande fasen når amerikanske styrkar er i ferd med å etablere seg på framandt territorium. Styrkar frå desse einingane skal kunne operere effektivt med basar utanfor sjølve krigsteateret, og det vil då vere tale om åtak med langtrekkjande fly. Chandlers bok kom før NATOs krig i Kosovo og stiller av den grunn i liten grad spørjeteikn ved effektiviteten av luftmakt åleine. Chandler sitt bidrag er likevel interessant som eit godt døme på korleis ein trekkjer praktiske policy-relevante konklusjonar på grunnlag av debatten om asymmetriske trugsmål.

3.3.3 Terrorisme og asymmetrisk krigføring

I den amerikanske debatten om asymmetriske trugsmål og MØV-terror mot USA kan ein tydeleggane konflikten med Irak og den saudiarabiske dissidenten Usama Ben Laden i bakgrunnen. Scenariet omhandlar ofte statsponsa terrorgrupper som gjennomfører koordinerte åtak med B- eller C-våpen, smugla inn i landet og brukt mot typisk sivile mål, for å skape ei politisk krise og presse USA til å forlate basane i Saudi-Arabia. Om terrorgrupper vert nytta som leveringsmiddel for MØV i staden for langtrekkjande missil, vil naturleg nok identifisering av “fienden” vere vanskelegare. Dei politiske kostnadene ved gjengjelding vil vere svært høge dersom ein ikkje har ugjendrivelege bevis for kven som står bak. Om ein har å gjere med ekstreme politisk-religiøse grupperingar som vektlegg martyriet og som er transnasjonale og relativt statsuavhengige, er det heller ikkje å vente at forsøk på avskrekking gjennom gjengjeldingsaksjonar vil ha den planlagde effekten.

Det er likevel verdt å merkje seg at trusselbiletet i den amerikanske debatten om MØV-terrorisme ikkje har følgd forskinga særleg nøye. Ei lang rekkje offentlege utval og kommisjonar har dei seinare åra lagt fram stadig meir spektakulære trusselscenario om MØV-terroråtak i USA, med eit overdrive fokus på “worst case scenario.”⁹⁶

Bruken av asymmetri-omgrepet har i det heile utvikla seg slik at det vert meir og meir synonymt med terrorisme. Dette innebér ei forflating av asymmetri-omgrepet og forvirrar meir enn det forklarar. Det ligg òg ein fare i at fokuset på terrorisme som ein type asymmetrisk krigføring gjer at ikkje-statlege grupper då lett framstår som strategiske utfordringar som krev ein militær respons. I dei fleste statar er terrorisme i all hovudsak ei politioppgåve.

Eit døme på korleis forsøk på klarlegging fører til det motsette er artikkelen “Asymmetrical Warfare and the Transnational Threat: Relearning the Lessons from Vietnam” av D.W. Craig ved Canadian Forces College.⁹⁷ Jamvel om Craig innleiingsvis definerer “asymmetrisk” som det å nytte ikkje-konvensjonell taktikk i strid i staden for å bruke samanliknbare styrkar som gjer

⁹⁶ Føredrag av Dr Bruce Hoffman, RAND Corporation, under besøk ved Forsvarets Forskningsinstitutt 26 september 2000.

⁹⁷ D W Craig, “Asymmetrical Warfare and the Transnational Threat: Relearning the Lessons from Vietnam,” *Advanced Military Studies Course*, War, Peace and Security WWW Server; <http://www.cfsc.dnd.ca/irc/amsc1/006.html>.

bruk av liknande taktikk, assosierer han asymmetriske trugsmål ført og fremst med *rogue states* ("røvarstatar"), MØV og transnasjonale terrorgrupper. Craig sitt fokus er på transnasjonal terrorisme og USA sin feilslåtte strategi for å møte denne typen trugsmål. Særleg tre punkt vert framheva: (i) overfokuseringa på teknologisk krigføring, (ii) for lite satsing på krigføring i by, og (iii) ein er ikkje tilstrekkeleg oppteken av å vinne "hjarte og sinn" ("hearts and minds"), det vil seie støtte i lokalbefolkninga.⁹⁸ Det historiske dømet som Craig dreg sine lærdommar frå, er USA sitt nederlag i Vietnam-krigen. Veggen frå Vietnam til dagens *rogue states*-problematikk er lang, men Craig dreg likevel utan vidare den konklusjonen at i kampen mot dei nye asymmetriske trugsmåla, manifestert gjennom terrortrugsmålet frå nye transnasjonale aktørar og *rogue states*, bryt USA med dei tre viktigaste prinsippa for å bekjempe asymmetrisk krigføring: i) ein må ikkje setje all sin lit til teknologiske løysingar, ii) ein må vere villig til å endre doktrinar for å tilpasse seg nye situasjonar, og iii) ein må innsjå kor viktig det menneskelege elementet er, så som motivasjon, sjølvforståing og stridsvilje.

Craig sitt bidrag er nok eit døme på i kor stor grad mykje av asymmetri-litteraturen understrekar at teknologiske nyvinningar ikkje har alt å seie for krigføring, og at den menneskelege evna til å finne nye og overraskande verkemiddel spelar ei avgjerande rolle i krig. Men best illustrerer Craig sin artikkel korleis samstillinga av heilt ulike trusselscenario under sekkenemninga 'asymmetrisk krigføring' ikkje resulterer i anna enn relativt sjølvinnlysande og inkjeseiande konklusjonar. Eit uavklart omgrep duger ikkje som analysereiskap.

3.3.4 Kultur og stridsmoral som dimensjonar i asymmetri-omgrepet

Eit viktig og noko meir militærteoretisk tilskot i den amerikanske debatten om asymmetrisk krigføring er *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?* Det dreier seg om ei samling presentasjonar frå den niande årlege strategi-konferansen ved US Army War College i Pennsylvania i 1998.⁹⁹ Karakteristisk for mange av innlegga er vektlegginga av ikkje-teknologiske faktorar som svekkjer USAs vilje til å vinne ein krig. I artikkelen "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset" argumenterer Charles J Dunlap for at asymmetriske angrepsmåtar i næraste framtid vil vere einaste moglege strategi for USAs potensielle fiendar.¹⁰⁰ Han tek utgangspunkt i ein svært brei definisjon av asymmetrisk krigføring:

In broad terms it simply means warfare that seeks to avoid an opponent's strengths; it is an approach that tries to focus whatever may be one side's comparative advantages against its enemy's relative weaknesses. [...] in the modern context, asymmetrical warfare emphasizes what are popularly perceived as unconventional or nontraditional methodologies.¹⁰¹

Dunlap viser til at diskusjonen om asymmetriske utfordringar har hatt ein sterk tendens til å vere konsentrert om teknologi, og at MØV og informasjonskrigføring blir nytta som typiske døme på kva asymmetrisk krigføring dreier seg om. Men Dunlap er oppteken av at krig ikkje berre handlar om teknologi, og han viser til ein moderne klassikar om krigføring, John Keegan si bok

⁹⁸ D W Craig, "Asymmetrical Warfare and the Transnational Threat: Relearning the Lessons from Vietnam," s. 10.

⁹⁹ Lloyd J. Matthews (red), *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?*, Pennsylvania, Carlisle Barracks: U.S. Army War College, Strategic Studies Institute, juli 1998.

¹⁰⁰ Charles J Dunlap Jr, "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset," i Lloyd J. Matthews (red), *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?*

¹⁰¹ Charles J Dunlap Jr, "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset," s. 1.

A History of Warfare, som vektlegg kva kultur har å seie for krigføringa.¹⁰² Dunlap hevdar at ein framtidig fiende ikkje vil sjå sine komparative fordelar innan teknologi, men i det han kallar "folket sin kollektive psyke og vilje".¹⁰³ Betraktningar omkring moral, psyke og evne til å tole tap i krig vil bli stadig viktigare i møtet mellom ein teknologisk og militært overlegen og underlegen part. Ulike verkemiddel som er med på å underminere opinionen si støtte til militær intervensjon blir meir og meir sentrale. Ein strategi sentrert omkring moral og psyke framstår for Dunlap som eit meir relevant og aktuelt døme på asymmetrisk krigføring enn eit snevert fokus på MØV-trugsmålet. Å nå fram til opinionen i fiendestatar blir då eit hovudmål. Dunlap konkluderer med at det fyrst og fremst er innafor ei slik ramme ein må sjå utfordringa frå asymmetrisk krigføring:

The West must be prepared to meet the moral as well as technical challenge of future war. Enemies may concede that physically defeating the military forces of the united States and the West is beyond their capability, but nevertheless attempt to achieve their war aims by overcoming the West's will, testing it in new and innovative ways. That is the essence of the challenge of asymmetrical warfare in the 21st century.¹⁰⁴

Dunlap er ikkje åleine om å sjå asymmetrisk krigføring først og fremst som ein kamp om opinionen og om moralske standardar for krigføringa. Den kjende israelske krigshistorikaren og teoretikaren Martin Van Crefeld har argumentert for at "the most important asymmetry is the moral one."¹⁰⁵

3.3.5 Den dialektiske dimensjonen ved asymmetri-omgrepet

Ein dimensjon ved asymmetri-debatten er dialektikken mellom tiltak og mottiltak hjå to motstandarar basert på erfaringar frå siste konfrontasjon. Robert H Scales, som har markert seg i debatten om asymmetriske utfordringar¹⁰⁶, omtalar asymmetri-utfordringane som "trugsmål som tilpassar seg" ("adaptive threats") i ein nyleg utkomen artikkel i *Joint Force Quarterly*.¹⁰⁷ Scales kritiserer dagens militærteoretiske tenking og meiner ho er for konsentrert om eldkraft åleine, mens innsikt i ikkje-vestlege militærteoretiske tradisjonar vert neglisjert:

We have been slow to perceive the growing effectiveness of an enemy partly because of a characteristic arrogance that presumes that, to be a threat it must pose a symmetrical challenge or mimic the Western way of war.¹⁰⁸

Vidare hevdar Scales at dei krigane den vestlege alliansen har sloss og vunne på 1990-talet er ei kjelde til rik lærdom for potensielle motstandarar som utviklar strategiar der sårbarheita til vestleg militærmakt blir identifisert:

[N]on-Western armies are increasingly internalizing the lessons of wars against technologically superior enemies. [...] non-Western enemies understand Western military vulnerabilities; aversion to casualties and collateral damage, sensitivity to domestic and world opinion, and lack of commitment to conflict measured in years rather than in months. They also perceive that Americans in particular, retain a style of

¹⁰² Keegan 1993.

¹⁰³ Charles J Dunlap Jr, "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset," s. 6.

¹⁰⁴ Charles J Dunlap Jr, "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset," s. 12.

¹⁰⁵ Forelesing i Oslo 27 oktober 1999. Sjå også Martin Van Crefeld, "Thoughts on the Future of War," i Gullow Gjeseth (red), *Krig i det 21. århundret*, Europa-programmet, Oslo 2000.

¹⁰⁶ Blant anna som vert for konferansen *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?* i juli 1998.

¹⁰⁷ Robert H. Scales, "Adaptive Threats", *Joint Force Quarterly*, haust/vinter 1999-2000, ss. 7-14.

¹⁰⁸ R H Scales, "Adaptive Threats", s. 13.

war focused on single offensive dimension og precision strike. [...] Borrowing from Mao and Giap, future enemies have learned the value of time and patience. From their perspective, swift success is not essential to victory.¹⁰⁹

3.3.6 Vestleg frykt for tap, 'mammaismen' eller eksistensiell versus avgrensa krig?

Det synest å vere ei svært utbreidd førestelling i den amerikanske asymmetri-debatten at befolkningar i andre kulturar tolerer langt større tap av menneskeliv enn det befolkningane i den vestlege verda gjer. Fleire toneangivande militærteoretikarar har gjort dette poenget til det mest sentrale aspektet ved 'asymmetrisk krigføring'. I artikkelen "Where Are the Great Powers?" i *Foreign Affairs* hevdar Edward N. Luttwak at dei industrialiserte og post-industrialiserte landa etter kvart har blitt "allergiske mot tap", og denne 'mammaismen' vil få store konsekvensar for Vesten si evne til å føre krig.¹¹⁰ Ifølgje Luttwak heng aversjonen mot tap av menneskeliv nært saman med den demografiske utviklinga. Det demografiske skiftet mot kjernefamilien har fått avgjerande konsekvensar for det rådande verdi- og normsystemet. Det at nokon skal døye i krig, har blitt til ein abnormitet som ikkje høyrer heime i eit moderne samfunn.¹¹¹

Men det er ikkje full semje om dette. Blant dei som er skeptiske er David Tucker, som i ein artikkel i *Parameters* hevdar at USA sin vilje til å tole tap i krig er relativt sterk. Den kritiske faktoren er at opinionen må overtydast om at ofra er nødvendige.¹¹² Dette kan verke som ei svært så triviell slutning, men Tucker går vidare og hevdar at opinionen si støtte til militært engasjement i utlandet ikkje berre er ein funksjon av tapstal. Han viser blant anna til meiningsmålingar om toleransegrensa for tapstal under Golf-krisa i 1990. Den gongen vart det varsla om at tapstala kunne kome opp i mange tusen utan at det skapa ei tillitskrise i opinionen. Men *ei* hending har skapt mistillit til amerikansk toleransegrense for tap i krig, og det er drapa på 18 amerikanske soldatar frå den amerikanske intervensjonsstyrken i Somalia i 1993, utførte av geriljasoldatar tilknytta krigsherren Ali Mahdi Aidid. Ein av amerikanarane vart kledd naken og dregen gjennom gatene etter ein lastebil i Mogadishu.¹¹³ Hendinga førte til eit sterkt opinionspress mot intervensjonen, og den amerikanske styrken vart dregen attende. Men Tucker hevdar at den amerikanske befolkninga si oppfatning av Somalia-aksjonen likevel ikkje berre var eit resultat av tapet av menneskeliv, og at skepsisen mot aksjonen var relativt stor allereie før Somalia-operasjonen byrja. Tapstala medverka på kort sikt til å hardne opinionen: "Casualties did not force us out of Somalia, and they may even have produced at least an initial desire to get more assertive or to get even with Aideed."¹¹⁴

Intervensjonen i Somalia kan òg tene til å illustrere asymmetri i ein annan forstand – korleis ein konflikt blir oppfatta av dei stridande partane, og kva for følgjer det kan få for måten krig vert ført på. For USA var det i Somalia berre tale om ein avgrensa krig med liten, om nokon,

¹⁰⁹ R H Scales, "Adaptive Threats", s. 13.

¹¹⁰ Edward N Luttwak, "Where Are the Great Powers?", *Foreign Affairs* 73 (4) 1994. Han skriv mellom anna: "Italienarane, som kanskje er meir postindustrielle enn dei fleste [...], med Europas lågaste fødselsrate, har eit ord for desse reaksjonane: *Mammismo*, som kan omsetjast med 'mammaisme' (s. 25)."

¹¹¹ Dette har også Tjøstheim påpeika i Inge Tjøstheim, "Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden," i Kjølborg & Bull (red), *Sikkerhetspolitisk tenkning i ei ny tid - fra enhet til mangfold*, Europa-programmet, Oslo 1998, s. 86.

¹¹² David Tucker, "Fighting Barbarians", *Parameters: US Army War College Quarterly*, sommar 1998.

¹¹³ Walter Clarke & Jeffrey Herbst, "Somalia and the Future of Humanitarian Intervention", *Foreign Affairs* mars-april 1996, ss. 70-86.

¹¹⁴ David Tucker, "Fighting Barbarians".

relevans for amerikanske interesser. For Aidid og hans kamffellar var biletet eit heilt anna, der eigen eksistens stod på spel i mykje større grad. I ein slik konflikt vil det vere eit klårt skilje mellom dei stridande i kor store kostnader dei er villige til å bere. Krigføringa til ein lokalt basert geriljastyrke mot ein utanlandsk intervensjonsstyrke vil kunne sjåast på som asymmetrisk pga dei svært ulike kost/nytte-kalkylane som vert lagde til grunn.

3.3.7 Asymmetriske trugsmål — ei omskriving av ‘det islamske trugsmålet’, ‘barbarane’?

I mykje av det som har vore sagt og skrive om ‘asymmetriske trugsmål’ av representantar for den vestlege forsvarsfellesskapen kjem det til uttrykk ei uro for at fienden har andre verdiar, prinsipp og ikkje minst ein annan religion enn ‘vi’ har. Frykta er grunngeve med at ein motstandar med ulikt verdigrunnlag vil kunne nytte metodar og taktikkar som vi sjølve vil måtte halde oss borte frå å nytte av folkerettslege grunnar, og som vi kanskje heller ikkje har godt nok forsvar mot. I praksis blir denne frykta ofte knytta til det ein oppfattar som trugsmål frå den muslimske verda, frå ekstremistar som driv “heilag krig”. Den identitetsskapande rollen til islam som *den andre* i den vestlege verda etter samanfallet av Sovjetunionen har vore gjenstand for mykje debatt, og fokuset på radikal islam på 1990-talet har skapt nye skiljelinjer i tryggingspolitikken.¹¹⁵

I førestellingane om eit islamsk trugsmål mot Vesten frå andre folkeslag og kulturar er det ei underliggjande oppfatning av ‘dei andre’ som mindre siviliserte, meir barbariske enn ‘vi’ er. ‘Barbar’-metaforen har blitt populær i fleire krinsar. Den anerkjende israelske militærteoretikaren Martin Van Creveld brukte han fleire gonger under eit foredrag i Oslo i 1999. Bruken av metaforen tok seg opp etter den mykje siterte artikkelen “The New Warrior Class” av Ralph Peters i *Parameters* frå 1994.¹¹⁶ Ein av kritikarane av barbar-metaforen, David Tucker, skildrar bruken av omgrepet i artikkelen “Fighting Barbarians”:

Den største faren vi står overfor slik desse forfattarane ser det, vil ikkje vere høgteknologiske hærar som vår eigen, men brutale krigarar som ikkje respekterer nokon av dei siviliserte begrensingane som vi opererer under, og som vil gjere alt, absolutt alt for å vinne. Desse barbarane har yngla fram i armod i overbefolka, anarkiske og miljømessige katastrofeområde, eller dei er blitt utklekte i skuggen av det kulturelle nederlaget til dei oljerike muslimske landa. Desse barbarane vil ikkje berre begå dei verste ugjerningar, dei vil også nyte det. [...] Desse fiendane vil sigre over oss ved å hacke til døde informasjonssystema våre, ved å TV-overføre direktesendingar av korleis amerikanske krigsfangar blir maltrakterte, [...] Dei vil sigre over oss ved å snike kjemiske og biologiske våpen inn i USA, for så å bruke dei. Dei vil kort sagt påføre USA nederlag ved å bryte vårt folks vilje til å sloss. Når vi ser inn i framtida, ser vi dei barbariske hordane velte inn over oss.¹¹⁷

David Tucker gjev klart uttrykk for skepsis til ei slik tilnærming som ‘barbar’-metaforen er uttrykk for. Han meiner at asymmetri-litteraturen overdriv kaos-faktorane og faren som ‘barbarane’ representerer for den vestlege verda. Men D Tucker er likevel ikkje framand for å

¹¹⁵ Brynjar Lia, “‘Heilag krig mot vesten?’: Islamismen som tryggingspolitisk utfordring”, i A Kjølberg & B Bull (red), *Sikkerhetspolitisk tenkning i en ny tid — fra enhet til mangfold*, Europa-programmet, Oslo 1998.

¹¹⁶ Ralph Peters, “The New Warrior Class,” *Parameters* sommar 1994. Artikkelen har vorte omtalt som “one of the seminal works in considering the nature of modern war.” Sjå Robert David Seele, “Takedown: The Asymmetric Threat to the Nation”, *Defense Daily Network* (www.defensedaily.com); Walter Clarke & Jeffrey Herbst, “Somalia and the Future of Humanitarian Intervention,” *Foreign Affairs* mars-april 1996, ss. 70-86.

¹¹⁷ Omsett frå D Tucker, “Fighting Barbarians”, s.69-70. Tucker si framstilling er eit samandrag av hovudtankar hos Charles J Dunlap Jr og Ralph Peters.

bruke omgrepet sjølv, og kritikken hans er først og fremst at trugsmålet er overdrive fordi USA sin konfrontasjon med 'barbarismen' vil forbli geografisk avgrensa.¹¹⁸

Jamvel om 'barbar'-metaforen er meint å illustrere dei blodige intrastatlege konfliktane på 1990-talet – det Donald M. Snow har kalla "uncivil wars"¹¹⁹ – er likevel metaforbruken med på til å forsterke førestillinga om det grunnleggjande skiljet mellom Vesten og dei andre ("The West and the Rest"), eit skilje som ikkje minst Samuel Huntington sin "Clash of Civilizations" har gitt høgst tvilsam akademisk legitimitet til.¹²⁰ Metaforen avspeglar ikkje minst den gamle orientalistiske historie – og kulturoppfatninga som så grundig har blitt diskreditert i Edward Saids *Orientalism*, ein vitskapskritikk som har blitt grensesetjande for all moderne islam- og Midtausten-forskning.¹²¹ Denne tolkinga av asymmetri-omgrepet, der kulturelt betinga barbariske former for krigføring er det sentrale, hjelper oss lite til å forstå dynamikken i dei blodige intrastatlege konfliktane på 1990-talet. Det er ikkje mindre enn ein tragedie for studiet av framtidens konfliktar at denne type forklaringsmodellar er blitt så ukritisk adoptert av verdskjende militærteoretikarar.¹²²

3.3.8 Stormen omkring Kinas 'Uavgrensa Krig'

Boka *Unrestricted Warfare* av dei to kinesiske offiserane Qiao Liang og Wang Xiangsui frå 1998 har vekt stor interesse og også uro blant dei i Vesten som studerer asymmetriske trugsmål.¹²³ Ein har likevel åtvare mot å ta dette for meir enn det førebels er — ei ganske ustrukturert samling idéar frå to yngre offiserar i Folkets frigjeringshær. Dei viser at dei har store kunnskapar og er godt orientert om den debatten som har gått føre seg i Vesten. Men boka deira må fyrst og fremst sjåast på som eit debattinnlegg, ikkje som eit kinesisk strategiutkast.¹²⁴

Liang & Xiangsui sine hovudpoeng ligg i tittelen — i framtida vil krigføring vere uavgrensa. Krig kan førast kor som helst og på kva for måtar som helst. Slagmarka vil ikkje lenger vere geografisk definert; kan hende vil kontroll over område i geografisk forstand ikkje lenger vere det viktigaste. Ein motstandar kan angripast med økonomiske verkemiddel, ein kan freiste å

¹¹⁸ "Broadly speaking, there is only one area in the world where our interests may collide with barbarism: the area around the Persian Gulf, north to the Caspian Sea and east into Central Asia. This is a significant piece of territory [...]. But it is still a limited area, which means that, even in the unlikely event that barbarism and anarchy become widespread in the world, our confrontations with them can be limited." D Tucker, "Fighting Barbarians", s. 73.

¹¹⁹ Donald M Snow, *Uncivil Wars: International Security and the New Internal Conflicts*, London and Boulder: Lynne Rienner Publishers 1996.

¹²⁰ Samuel Huntington, "The Clash of Civilisations?", *Foreign Affairs* 72 (3) sommar 1993.

¹²¹ Edward W Said, *Orientalisme: vestlige oppfatninger av Orienten*, Oslo: Cappelen, 1978/1994. Omsett av Anne Aabakken.

¹²² Eit heiderleg unntak er den velkjende britiske militærhistorikaren John Keegan, som i sitt kapittel om krigføring i islam skriv at "the history of Islamic conquest and the exact nature of the doctrine of holy warmaking are both misunderstood outside the Muslim community. The era of conquest was comparatively short-lived and came to an end not simply because Islam's opponents learnt how to mobilise opposition to it but also because Islam itself became divided over the morality of warmaking. Riven by internal disputes which set Muslim against Muslim in defiance of the doctrine that they should not fight each other, its supreme authority chose the solution of devolving the warmaking role on to a specialist and subordinate class of warriors recruited for the purpose, thus freeing the majority from military obligation and allowing the pious to emphasise in their personal lives the 'greater' rather than the 'lesser' aspect of the injunction to wage war, 'the war against self' [...] Islamic warmaking eventually became almost as circumscribed as within Chinese civilisation." John Keegan, *A History of Warfare*, London: Hutchinson 1993, s. 389.

¹²³ Qiao Liang & Wang Xiangsui, *Unrestricted Warfare*, Beijing: PLA Literature and Arts Publishing House, Februar 1999. Boka finst fleire stader på Internett, mellom anna på adressa <http://cryptome.org/cuw.zip>.

¹²⁴ Sjø "Review Essays on *Unrestricted Warfare*", *Small Wars and Insurgencies*, 11 (1) vår 2000, ss. 112-129.

setje informasjonssystema hans ut av spel, ein kan drive propagandakampanjer mot han, ein kan til og med prøve å slå han ut ved å utsetje han for miljøtruslar. Moglegheitene er mange, men det er lite nytt i det dei to kinesiske offiserane skriv samanlikna med debatten i USA og Europa. Boka har fyrst og fremst fanga interesse fordi forfattarane stadig kjem attende til at moderne krig ikkje har nokon reglar, at ein må utnytte alle dei sjansane ein har til å svekkje fienden. Dette samsvarar dårleg med dei internasjonale normene som gjeld for krigføring. Om det er slik at dei to har støtte på høgt hald i den kinesiske forsvarsleiinga, og at tankane deira uttrykker kva kinesisk strategi vil basere seg på i framtida, er det naturleg nok grunn til uro, særleg sidan Kina i aukande grad framstår som framtidas sterkaste utfordrar til vestleg hegemoni.

3.4 Kritikk av asymmetri-omgrepet: konstruksjon av trusselbilete

I debatten om nye truslar og relevansen av asymmetri-omgrepet finn vi eit alternativt syn i artikkelen “Inventing Threats” (1998) av Carl Conetta og Charles Knight i det anerkjente tidsskriftet *The Bulletin of Atomic Scientists*.¹²⁵ Conetta & Knight set eit stort spørjeteikn ved framgangsmåten i scenario-arbeida som ligg til grunn for mellom anna *QDR* og *Joint Vision 2010*, der asymmetri har vorte eit sentralt moment i amerikanske trusselvurderingar.

Conetta og Knight er særleg opptekne av USA si eineståande stilling ved utgangen av det tjuande hundreåret. Ikkje nokon stat er i nærleiken av USA sin økonomiske vitalitet, stabilitet og militære kraft, og styrken til USAs allierte gjer kampen endå meir ulik. Sjølv om dei amerikanske løyvingane til forsvaret har gått ned, utgjer dei i dag like fullt ein større del av forsvarsløyvingane på verdsbasis enn dei gjorde i gullåra under Reagan på 1980-talet (32% i 1995 mot 27,5% i 1986). I løpet av den same perioden har USA meir enn dobla andelen sin av den internasjonale våpenmarknaden (frå 22 til 49%), og amerikanske våpen og forsvarsteknologi er verdas fremste. Med andre ord er USA sin posisjon meir suverén enn nokon gong tidlegare. Etter det artikkelforfattarane hevdar har dette fått leiande forsvarsplanleggjarar til i større grad enn tidlegare å fokusere på ei lang rekkje reint hypotetiske og teoretisk tenkjelege trugsmål der plausibilitet er mindre relevant:

... the focus of defense planners has shifted from ‘the clear and present danger’ of Soviet power to the intractable problem of ‘uncertainty’. Along with this shift has come a new type of Pentagon partisan – the ‘uncertainty hawk’. The uncertainty hawks forsake ‘threat-based’ planning for new methods variously called ‘adaptive’, ‘capability-based’, or ‘scenario-based’ planning. These methods seek to release planning from the ‘tyranny of scenario plausibility’, as RAND analyst James Winnefeld puts it. Any hypothetical danger that seems remotely ‘possible’ is deemed worthy of attention. In this approach, the concrete assessment of interests, adversaries, and trends matters less than does the unfettered exercise of ‘worst case’ thinking.¹²⁶

Asymmetri-omgrepet tener her eit formål. Ein tek utgangspunkt i det som teoretisk sett kan synast å vere sårbare punkt i USA sitt forsvar og samfunn, for så å konstruere eit trusselbilete utan særleg vurdering av evna og viljen hos ein motpart til å utnytte desse veikskapane i ein konfliktsituasjon. Resultatet blir då eit inflatert trusselbilete. Men Conetta og Knight påpeiker at det ikkje nødvendigvis finst nokon motstandar som er i stand til å utnytte reint teoretiske moglegheiter: “But the fact that we can spot theoretical ‘windows of vulnerability’ does not

¹²⁵ C Conetta & C Knight, “Inventing Threats”, *The Bulletin of Atomic Scientists* 54 (2) mars-april 1998.

¹²⁶ C Conetta & C Knight, “Inventing Threats”, s. 1.

mean that real-world foes could climb through them.”¹²⁷

Ein relatert kritikk av asymmetri-omgrepet blir framført av Steve Lea ved det britiske Defence Evaluation and Research Agency som hevdar at

‘Asymmetry’ is a ubiquitous catchcall term that is becoming increasingly unhelpful in thinking about force planning. Because it is so all-inclusive it lumps together things that have widely different implications and increases the danger of misdirection of sparse defence resources, either by over-reacting to an emotionally ‘scary’ threat, or by missing a more subtle but significant one.¹²⁸

Men Lea gir heller ikkje ein meir avklarande definisjon av omgrepet. Asymmetriske trugsmål bli definerte som “those challenges to our defence and security interests that are importantly different from those in more traditional, peer-to-peer, attritional conflict.”¹²⁹ Lea diskuterer fyrst og fremst ulike asymmetri-dimensjonar med relevans i styrkeplanleggingssamanheng, og han skisserer velkjende problem, som til dømes strenge ”rules of engagement” (ROE) i fredsoperasjonar, som gjer militærmakt mindre effektiv, han tek for seg bruken av “decoys and deception” og moglege komparative føremoner som ein lågteknologisk motstandar kan ha. Ny og innovativ bruk av kjend og enkel teknologi blir framheva som eit anna døme på asymmetri-problematikk. Han nemner òg MØV, informasjonsoperasjonar og kulturelle ulikskapar i måtar å føre krig på (“asymmetry in aims and behaviour”), særleg uroa for ei manglande evne til avskrekking.

Lea inkorporerer også “det ukjende” i sitt asymmetri-omgrep og argumenterer for at analyse-miljøa må forsøkje å analysere sårbarheita til styrkestrukturane våre vis-a-vis motstandarar som kan utnytte eksisterande sårbare punkt hjå styrkane våre på ein hittil ukjend måte.¹³⁰ Det ser ut til at sjølv kritikarane av asymmetri-omgrepet finn det vanskeleg å kome utanom at det har vorte eit altomfattande sekkeomgrep for kjende og ukjende trugsmål og handlar meir om teoretiske moglegheiter enn identifiserbare konkrete trugsmål. Det tyder ikkje at asymmetri-omgrepet er irrelevant. I ei tid med krympande forsvarsbudsjett er det ein viss fare for at dagens debatt kan resultere i overfokusering på diffuse og hypotetiske trugsmål, til fortrengele for reelle, konkrete utfordringar.

¹²⁷ C Conetta & C Knight, “Inventing Threats”, s. 7. Dei freistar òg på andre måtar å gje asymmetriske trugsmål det dei oppfattar som meir realistiske dimensjonar. For det første har historia synt ikkje berre kva for moglegheiter asymmetrisk krigføring byr på, ho har òg synt begrensingane – nord-vietnamesarane og deira allierte i Viet Cong var meistarar i ukonvensjonell krigføring, men dei var avhengige av støtte frå supermakta Sovjetunionen og frå Kina, sin mektigaste nabo. Vidare vil få om noko land våge ein større militær konfrontasjon med USA; det måtte i så fall vere utilsikta, som med Irak i 1990/91. Ingen har ressursar til å utfordre supermakta, sjølv ikkje med asymmetriske middel. Regionale stormakter vil i dei komande tiåra forme dei militære styrkane sine utifrå trugsmål frå nabostatar og interne opprør. Kjernen i det asymmetriske trusselbiletet er knytta til spredning av billige ballistiske missil og masseødeleggingsvåpen. Conetta og Knight ser dette som ein reell trussel, men i all hovudsak mot regionale amerikanske operasjonar. Samanlikna med den tidlegare sovjetiske kapasiteten er trusselen i dag svært avgrensa. Dette er òg noko mange nyare amerikanske forsvarsvurderingar implisitt vedgår, idet dei tilrår at berre ein liten del av styrkane og investeringane vert innretta mot å takle den utfordringa.

¹²⁸ Steve Lea, *Asymmetry Issues for Long-Term Force Planning*, UK Defence Evaluation and Research Agency, Center for Defence Analysis (DERA/CDA), Unclassified Draft for SUS-025, 20 oktober 2000, s.1.

¹²⁹ Steve Lea, *Asymmetry Issues for Long-Term Force Planning*, UK Defence Evaluation and Research Agency, Center for Defence Analysis (DERA/CDA), Unclassified Draft for SUS-025, 20 oktober 2000, s. 2.

¹³⁰ Steve Lea, *Asymmetry Issues for Long-Term Force Planning*, s. 4.

3.5 Asymmetriske krigar: Åtak på militært sett sterkare statar?

Eit av dei få reint akademiske (les: ikkje-synsete) bidraga om asymmetriske konflikter er T. V. Paul si bok *Asymmetric Conflicts: War Initiation by Weaker Powers* frå 1994.¹³¹ Paul undersøker årsakene til at statar i nokre tilfelle vel å gå til krig mot andre statar som militært sett er sterkare. Han presenterer fire hypoteser der variablane er partane sine strategiske kost/nytte-kalkylar, ulikskap i kortsiktige offensive kapasitetar, stormaktsalliansetilknypning og innanlandsk maktstruktur. Paul testar desse mot seks historiske krigar: den japanske offensiven mot Russland i 1904, det japanske åtaket på Pearl Harbour i 1941, den kinesiske intervensjonen i Korea i 1950, den pakistanske offensiven i Kashmir i 1965, den egyptiske offensiven i Sinai i 1973 og den argentinske invasjonen av Falklandsøyene i 1982. Paul konkluderer blant anna med at kost/nytte-kalkylar best forklarar kvifor statar vel å gå til krig mot sterkare statar. Kalkylane vil som regel vere basert på planar om avgrensa mål og ein *fait accompli*-strategi som inneber at operasjonen skal foregå snøgt og at resultatet raskt vil bli godkjent av verdssamfunnet.

Sjølv om Paul sin studie ikkje fokuserer på det aspektet ved asymmetri som dagens litteratur synest å vere mest oppteken av, nemleg asymmetriske trugsmål frå ikkje-statlege aktørar, er studien likevel eit nyttig korrektiv til meir spekulativ litteratur. Etterkrigstida har vore vitne til ei lang rekkje asymmetriske konflikter mellom stat og frigjeringsrørsler der den militært sett svakaste parten har sigrar, til dømes Indonesia mot Nederland (1949), Kypros mot Storbritannia (1960), Algerie mot Frankrike (1962), Aden mot Storbritannia (1967) og Vietnam mot USA (1973). Ein annan kategori asymmetriske konflikter er dei mellom stat/frigjeringsrørsle og ein intervensjonsstyrke. Her finst det òg ei lang rekkje døme på at ein militært sett overlegen intervensjonsstyrke vel å trekkje seg ut av konfliktområdet: Israel i sentrale Libanon (1985), Israel frå Sør-Libanon (2000), USA frå Libanon (1984), Sovjetunionen frå Afghanistan (1988) og India frå Sri Lanka (1990). Litteraturen om ikkje-konvensjonell krigføring og tilhøyrande militærteoretisk tenking er lang og omfattande og strekkjer seg attende til Sun Tzus vektlegging av den indirekte metode, via marxist-leninismen si vektlegging av folkekrig og ikkje-konvensjonell krig som ein reiskap for revolusjonen, til dagens nettbaserte informasjonskrig ('Zapatista netwar'), einmanns krigen i 'Louis Beam's Leaderless Resistance', den radikale aktivismen i Foreman og Haywood om 'ecodefence' og 'ecotage', og ikkje minst det mest kjente kinesiske bidraget om asymmetrisk krigføring – Qiao Liang & Wang Xiangsuis *Unrestricted Warfare* frå 1998.¹³² Dagens diskusjon om asymmetrisk krigføring ville vore langt rikare og velfundert dersom klassikarane om ikkje-konvensjonell krig var blitt studert og meir fordøydd i større grad enn debatten i dag vitnar om.

4 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Bruken av asymmetri-omgrepet har auka mykje i militærteoretisk og tryggingpolitisk litteratur på siste halvdel av 1990-talet. Asymmetri-konseptet synest å ha vunne sceneplass ved sida av andre sentrale *buzzwords*.¹³³ Men omgrepet reflekterer i mykje større grad ei supermakt sitt

¹³¹ T V Paul, *Asymmetric Conflicts: War Initiation by Weaker Powers*, Cambridge: Cambridge University Press 1994.

¹³² Robert J Bunker, "Unconventional War Philosophers," *Small Wars and Insurgencies* 10 (3) vinter 1999, s.136-149, og Robert J Bunker, "Unrestricted Warfare: Review Essay," *Small Wars and Insurgencies* 11 (1) vår 2000, ss.114-121.

¹³³ Sjå til dømes <http://www.comw.org/rma/fulltext/asymmetric.html>.

hegemonperspektiv enn trusselbiletet mot små statar. Det amerikanske fokuset på asymmetrisk krigføring avspeglar perspektivet til den einaste attverande supermakta med eit globalt militært engasjement og samstundes ei underliggjande frykt for nye trugsmål som kan svekke eige hegemoni og evne til global militær maktprojeksjon. Asymmetri-omgrepet er ikkje noko veletablert analytisk avklart tryggingpolitisk eller militærteoretisk konsept med rotfeste i ein forskningstradisjon. Innan den amerikanske debatten om temaet tener begrepet først om fremst som ei sekkenemning på moglege trugsmål mot USA si evne til rask og effektiv militær maktprojisering utanfor landets grenser. Som døme på slike trugsmål vert det oftast tala om bruk og trugsmål om bruk av masseødeleggingsvåpen, terrorisme (eller helst ein kombinasjon av desse to) og informasjonskrigføring. I tillegg synest omgrepet asymmetriske trugsmål å fylle ei rolle som eit nyttig sekkeomgrep for teoretisk sett moglege trugsmål der aktør- og kapasitetsdelen av trugsmålet knapt nok er innanfor teknologisk rekkevidde. Asymmetri-omgrepet avspeglar generelt ei underliggjande uro for at teknologisk superioritet i lengda ikkje vil vere ein garanti for siger på slagmarka, og det resulterer dermed i ei søkjing etter moglege sårbare punkt i eigne rekkjer, punkt som ein motstandar teoretisk sett vil kunne utnytte i ein konflikt.

Relevansen av asymmetri-omgrepet i den norske forsvars- og tryggingspolitiske debatten synest å vere avgrensa, både fordi asymmetri-omgrepet er så nært knytt til USA sitt supermaktsperspektiv, og fordi omgrepet framleis er uavklart og derfor lite føremålsteneleg i analyse. Usemja om korleis asymmetriske trugsmål og asymmetrisk krigføring eigentleg skal forståast, er påtakeleg i både den norske og langt større amerikanske debatten. Det går tydeleg fram at ei rekkje ulike og til dels motstridande oppfatningar om asymmetri har avspegla seg i tre av Forsvarets mest sentrale grunnlagsdokument. Gapet mellom den tryggingspolitiske og militærteoretiske forståinga av asymmetri-omgrepet er likevel det mest iaugnefallande. Faren ved dagens begeistring for asymmetri-omgrepet er at det får for mange tydingar. Ikkje berre misser omgrepet sin verdi for analyseformål, men det bidreg til forvirring om grunnleggjande trekk ved det strategiske trusselsbiletet og om forståinga av operasjonskonseptet for landsstridskreftene våre. Dersom ein likevel ynskjer å bruke asymmetri-omgrepet, bør forfattarane av våre framtidige grunnlagsdokument derfor *vektleggje å finne fram til ei felles militærteoretisk og tryggingpolitisk forståing av det*. Når det gjeld asymmetriske trugsmål, vil det nok vere langt meir avklarande å fokusere på konkrete og identifiserbare utfordringar og trugsmål og behandle dei kvar for seg, enn å handsame dei under sekkenemninga asymmetriske trugsmål. Mange av dei framtidige trygging utfordringane til Forsvaret i Norge er allereie tilstrekkeleg veldefinerte og opplagte. Behovet for eit nytt sekkeomgrep for diffuse og teoretisk moglege trugsmål burde ikkje vere til stades i same grad som det er hjå fleire av våre allierte.

5 LITTERATURLISTE

- Ahrari, Ehsan, "Unrestricted War: the leveller", *JANE's intelligence Review*, februar 2000.
- Andrésen, Rolf-Inge Vogt, *Utvikling og spredning av masseødeleggelsesvåpen og missilteknologi*, FFI/RAPPORT-97/04266, Kjeller 1997.
- Arnesen, Odd Harry, *EMC Zurich 99*, FFI-Reiserapport-99/01761, Kjeller 1999.
- Ayres, William R, "A World Flying Apart? Violent Nationalist Conflict and the End of the Cold War", *Journal of Peace Research* 37 (1) 2000.
- Barry, M D J, "Modelling International Conflict: Summary and Impressions", i Bennet, Peter (red), *Modelling International Conflict: Conference Proceedings*, Essex: The Institute of Mathematics and its Applications, 13-15 april 1997.
- Bennett, Bruce W et al, *What Are Asymmetric Strategies*, documented briefing, Washington and Santa Monica: RAND Corporations, 1999.
- Berdal, Mats & Keen, David, "Violence and Economic Agendas in Civil Wars: Some Policy Implications", *Millenium: Journal of International Studies* 26 (3) 1997.
- Bjørge, Tore, "Terrortrusselen i forbindelse med Gulfkrigen", *Internasjonal Politikk* 50 (3) 1992.
- Bunker, Robert J, "Unconventional War Philosophers", *Small Wars and Insurgencies* 10 (3) vinter 1999.
- Bunker, Robert J, "Unrestricted Warfare: Review Essay I", *Small Wars and Insurgencies* 11 (1) vår 2000.
- Buonagurio, Michael, "China Focuses on Asymmetric Warfare", *AntiOnline* 12 mars 1999; <http://www.AntiOnline.com>.
- Børresen, Jacob, bokomtale, *Norsk Militært Tidsskrift* 8/9 1998.
- Campbell, James K, "Excerpts from Research Study 'Weapons of Mass Destruction and Terrorism: Proliferation by Non-state Actors'", *Terrorism and Political Violence* 9 (2) 1997.
- Carter, Ashton et al, "Catastrophic Terrorism: Tackling the Danger", *Foreign Affairs* 77 (6) november/desember 1998.
- Chandler, Robert, *The New Face of War: Weapons of Mass Destruction and the Revitalization of America's Transoceanic Military Strategy*, Virginia: Amcoda Press 1998.
- Cheng, Dean, "Unrestricted Warfare: Review Essay II", *Small Wars and Insurgencies* 11 (1) vår 2000.

- Combs, Cindy, *Terrorism in the Twenty-First Century*, New Jersey: Prentice Hall 1997.
- Conetta, Carl & Knight, Charles, "Inventing Threats", *The Bulletin of Atomic Scientists* 54 (2) mars/april 1995; <http://www.bullatomsci.org/issues/1998/ma98/ma98conetta.html>.
- Craig, D W, "Asymmetrical Warfare and the Transnational Threat: Relearning the Lessons from Vietnam", *Advanced Military Studies Course*, War, Peace and Security WWW Server; <http://www.cfcsc.dnd.ca/irc/amsc1/006.html>.
- Crock, Stan, "Sticks and Stones Can Break an Army", *BusinessWeek online* 27 oktober 2000.
- Cyrulik, Joseph C, "Asymmetric Warfare and the Threats to the American Homeland", *Landpower Essay Series* nr 99-8 november 1999.
- Denning, Dorothy, *Information Warfare and Security*, Addison, Wesley: Longman, Inc, ACM Press 1999.
- Dunlap, Charles J Jr, "Preliminary Observations: Asymmetrical Warfare and the Western Mindset", i Matthews, Lloyd J (red), *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?*, U.S. Army War College, Strategic Studies Institute, Pennsylvania juli 1998.
- Fjærvoll, Jostein, "Hvordan det nye NATO fyller sin rolle og vil kunne fortsette å fylle sin rolle i årene fremover", *NATO ser fremover*, DNAK, Oslo 1999; <http://www.atlanterhavskomiteen.no/publikasjoner/andre/fremover/4.html>.
- Foghelin, Jan, "Konflikters former, aktørers medel och betingelsesmetoder", i Gjeseth (red), *KRIG i det 21. århundre*, Europa-programmet, Oslo 2000.
- Forsvarets Overkommando, *Forsvarets fellesoperative doktrine*, Del A: "Grunnlag", januar 2000 (første utgave).
- Forsvarsdepartementet, *Stortingsmelding Nr 22: Hovedretningslinjer for Forsvarets utvikling og virksomhet i tiden 1999-2002*, godkjent av statsråden 26 februar 1998; <http://odin.dep.no/repub/97-98/stmld/22/kap04.html>.
- Forsvarsdepartementet, *Stortingsmelding Nr 38: Tilpasning av Forsvaret til deltakelse i internasjonale operasjoner*, godkjent av statsråden 4 juni 1999.
- Goulding, Vincent J, "Back to the Future with Asymmetric Warfare", *Parameters* vinter 2000-01; http://d-n-i.net/FCS_Folder/goulding_asymmetric.htm.
- Grau, Lester W, "Bashing the Laser Range Finder With a Rock", *Military Review* mai/juni 1997; <http://call.army.mil/call/fmso/fmsopubs/issues/techy.htm>.
- Guéhenno, Jean-Marie, "The Impact of Globalisation on Strategy," *Survival* 40 (4) vinter 1998/99.
- Hansen, Annika S et al, *A Research Guide to Implementing Peace: International Assistance in*

the Implementation of Peace Agreements, FFI/RAPPORT-97/02820, Kjeller 1997.

Henry, Ryan & Peartree, C Edward, "Military Theory and Information Warfare", *Parameters* haust 1998.

Herman, Paul, "Asymmetric Warfare: Sizing the Threat", *Low Intensity Conflict & Law Enforcement* 6 (1) sommar 1997.

Hoffman, Bruce, "New and Continuing Forms of Terrorism", føredrag på FFI-seminaret *Terrorism: Past, Present and Future* i Oslo Militære Samfund 27 september 2000.

Huntington, Samuel, "The Clash of Civilisations?" *Foreign Affairs* 72 (3) sommar 1993.

Institute for National Strategic Studies (National Defense University), "Asymmetric Threats", *1998 Strategic Assessment – Engaging Power for Peace*; <http://www.ndu.edu/inss/sa98/sa98ch.11.html>.

International Institute for Strategic Studies, "A New Face of Terrorism?", *Strategic Survey 1998-99*, Oxford: Oxford University Press 1998.

Keegan, John, *A History of Warfare*, Hutchinson: London 1993.

Lake, D A & Rothchild, D, "Containing Fear. The Origins and Management of Ethnic Conflict", *International Security* 21 (2) haust 1996.

Laqueur, Walter, "Postmodern Terrorism, New Rules for an Old Game", *Foreign Affairs* 75 (5) september/oktober 1996.

Lea, Steve, *Asymmetry Issues for Long-Term Force Planning*, UK Defence Evaluation and Research Agency, Center for Defence Analysis (DERA/CDA), unclassified draft for SUS-025, 20 oktober 2000.

Leader, Stefan, "Osama Ben Laden and the Terrorist Search for WMD", *JANE's Intelligence Review* juni 1998.

Lia, Brynjar, *Er sivil infrastruktur sannsynlege mål for terrorgrupper i fredstid? Terrorisme som tryggingspolitisk utfordring i Norge*, FFI-Rapport 2000/01703, Kjeller 2000.

— "Mot farlegare former for terrorisme," *Internasjonal politikk* 58 (3) september 2000.

Lia, Brynjar & Hansen, Annika S, *Globalisation and the Future of Terrorism: Patterns and Predictions*, FFI-REPORT 2000/01704, Kjeller 2000.

— *An Analytical Framework for the Study of Terrorism and Asymmetric Warfare*, FFI-REPORT 99/04218, Kjeller 2000.

Lia, Brynjar & Skjølberg, Katja H-W, *Why Terrorism Occurs - A Survey of Theories and Hypotheses on the Causes of Terrorism*, FFI-RAPPORT-2000/02769, Kjeller 2000.

Libicki, Martin, "Rethinking War: The Mouse's New Roar?", *Foreign Policy* vinter 1999-2000.

- Lind, William S et al, "The Changing Face of War: Into the Fourth Generation", *Marine Corps Gazette* oktober 1989; http://d-n-i.net/FCS_Folder/4th_gen_war_gazette.htm.
- Luttwak, Edward N, "Where Are the Great Powers?", *Foreign Affairs* 73 (4) 1994.
- Mack, Andrew J, "Why Big Nations Lose Small Wars: The Politics of Asymmetric Conflict," *World Politics* 27 (januar 1975).
- Manwaring, Max G (red), "Towards an Understanding of Insurgency Wars: The Paradigm," *Uncomfortable Wars: Towards a New Paradigm of Low Intensity Conflict*; Boulder, Colorado: Westview Press, 1991.
- Metz, Steven, *Armed Conflict in the 21st Century: The Information Revolution and Post-Modern Warfare*, US Army War College, Institute for Strategic Studies, Pennsylvania 2000.
- National Defense Panel, "Transforming Defense: National Security in the 21st Century", *Joint Force Quarterly* sommar 1997.
- Paul, T V, *Asymmetric Conflicts: War Initiation by Weaker Powers*, Cambridge: Cambridge University Press 1994.
- Payne, Keith, *Deterrence in the Second Nuclear Age*, University Press of Kentucky 1996.
- Pillsbury, Michael, "Testimony before the United States Senate Select Committee on Intelligence", *U.S. – Asia Strategy Council*, november 1997; http://www.asiastrategy.com/testimony_pillsbury.htm.
- Plummer, Anne, "Panel: Asymmetrical Attack Threats are Difficult to Assess", *Defense Information and Electronics Report* 17 desember 1999; www.infowar.com.
- Qiao Liang & Wang Xiangsui, *Unrestricted Warfare*, Beijing: PLA Literature and Arts Publishing House, februar 1999; <http://cryptome.org/cuw.zip>.
- Roberts, Brad (red): *Terrorism with Chemical and Biological Weapons: Calibrating Risks and Responses*, The Chemical and Biological Arms Control Institute, Washington 1997.
- Rogers, Paul, "Responding to Western Intervention – Conventional and Unconventional Options", *Defense Analysis* 14 (1) 1998.
- Said, Edward W, *Orientalisme: vestlige oppfatninger av Orienten*, oversatt av Anne Aabakken, Oslo: Cappelen 1978/1994.
- Sloan, Stephen, "Terrorism and Asymmetry", i Matthews, Lloyd (red), *Challenging the United States Symmetrically and Asymmetrically: Can America Be Defeated?*, U.S. Army War College, Strategies Studies Institute, Pennsylvania juli 1998.
- Skjølberg, K H-W, "Etnisk mangfold, legitimitet og konflikt. Mønstre i vesteuropeisk separatisme 1950-95," *Norsk Statsvitenskapelig Tidsskrift* august 2000.
- Snow, Donald M, *Uncivil Wars: International Security and the New Internal Conflicts*, London

and Boulder: Lynne Rienner Publishers 1996.

Staten, Clark L, "Asymmetric Warfare, the Evolution and Devolution of Terrorism; The Coming Challenge For Emergency and National Security Forces", Emergency Response & Research Institute, 27 april 1998; <http://205.243.133.2/asymetric.htm>.

Steele, Robert David, "The Asymmetric Threat: Listening to the Debate", *JFQ* haust/vinter 1998-99.

Tjøstheim, Inge, "Militærmaktens betydning i dag og i fremtiden", i Kjølberg & Bull (red), *Sikkerhetspolitisk tenkning i ein ny tid - fra enhet til mangfold*, Europa-programmet, Oslo 1998.

Tucker, David, "Fighting Barbarians", *Parameters: US Army War College Quarterly*, sommar 1998.

Tucker, Jonathan, "Asymmetric Warfare", *Forum for Applied Research and Public Policy*, sommar 1999; <http://forum.ra.utk.edu/summer99/asymmetric.html>.

Tucker, Jonathan, "Commentary on the *QDR*: Asymmetric Warfare: An emerging Threat to U.S.Security"; <http://www.comw.org./qdr/tucker/htm>.

US Department of Defense, Joint Chief of Staff: *Joint Vision 2010*, Washington DC 1997.

US Department of Defense, Joint Chief of Staff, *Joint Vision 2020*, Washington DC 2000.

US Department of Defense, *Report of the Quadrennial Defense Review*, mai 1997.

Vandergriff, Donald E, "Culture Wars", Batchman, Robert L (red), *Digital War: A View from the Frontline*, august 1999; http://d-n-i.net/FCS_Folder/culture_wars.htm.

Wallenstein, Peter & Sollenberg, Margareta, "The End of International War? Armed Conflict 1989-1995", *Journal of Peace Research* 33 (3) 1996.

Whine, Michael, "Islamist Organizations on the Internet", *Terrorism and Political Violence* 11 (1) vår 1999.

Wilkinson, Paul, "The Strategic Implications of Terrorism", innlegg på the International Institute for Strategic Studies 41st Annual Conference, San Diego 8-11 september 1999.

Zartman, William, "Dynamics and Constraints in Negotiations in Internal Conflicts", i Zartman (red), *Elusive Peace: Negotiating an End to Civil Wars*, Brookings: Washington DC 1995.